- 1.2 Søknad om endring av gjeldande reguleringsplanar (og bebyggelseplanar vedteken før 01.07.2009).
- 1.3 Søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplanar (og bebyggelseplanar vedteken før 01.07.2009) med tilhøyrande føresegner.
- 1.4 Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og plan- og bygningslova(08) med tilhøyrande føresegner.

Handsamingsgebyret for **1.1,1.2 og 1.3** :

kr 20 000

Handsamingsgebyret for **1.4** :

SØKNAD OM DISPENSASJON - rein formalitet (etter vurdering i den einkilde sak)	kr -	Eksempel:
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming delegert utviklingsleiar - utan høyring)	kr 1 500	1/2 grunnbeløp
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming delegert utviklingsleiar - med høyring)	kr 3 000	
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming MTK utan høyring)	kr 4 500	1,5 grunnbeløp
SØKNAD OM DISPENSASJON (handsaming MTK med høyring)	kr 10 500	3,5 grunnbeløp

2 AREALGEBYR FOR REGULERINGSPLANAR

2.1 Storleiken på arealgebyret

- a) Fast gebyr inntil 5000m² **kr 8817**
- c) For kvar påbyrja 1000m² frå 5001m² og oppover **kr 800**

3 ENDRINGAR

3.1 Arealgebyr for reguleringsendringar

Ved søknad/forslag om endra arealbruk skal det i tillegg til handsamingebyret betalast eit arealgebyr lik satsane i punkt 2.1. Ved fastsetjing av gebyret skal storleiken på det endra arealet leggst til grunn. Arealgebyret skal betalast etter handsaming i Formannskapet der det vert gjort vedtak om å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. Dersom søknaden/forslaget vert avvist skal det ikkje betalast arealgebyr med mindre tiltakshavar/søkjar krev saka framlagt for kommunestyret. (jf. § 12-11 i plan- og bygningslova(08))

3.2 Mindre endring i reguleringsplan

Dersom søknaden/forslaget berre gjeld endring av reguleringsføresegnene, skal det i tillegg til **halvt** handsamingsgebyr betalast eit gebyr på:

kr 4000

Dersom søknaden/forslaget gjeld mindre endringar som ikkje har nemneverdig betydning for berørte partar eller interesser, og søknaden/forslaget ikkje treng same omfattande handsaming som ein ny plan, skal det i tillegg til **halvt** handsamingsgebyr betalast eit gebyr på:

kr 4000

5 BETALINGSFØRINGAR / IVERKSETJING

Alle gebyra skal betalast til Herøy kommune, økonomiavdelinga, etter rekningsoppgåve frå rådmann/utviklingsavdelinga.

Gebysatsane inkluderer alle kostnader knytt til handsaming av planane/sakene og betaling skjer etter gjeldande satsar på søknadstidspunktet. I tillegg til sjølve handsamingsgebyret skal tiltakshavar/søkjar dekke alle kostnader til naudsynt annonsering basert på gjeldande krav i plan- og bygningslova (08).

Storleiken på gebysatsane etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå det tidspunkt kommunestyret har fastsett og etter at det er kunngjort på vanleg måte.

Gebyrregulativet er vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak **xx/14**. Nye satsar vert gjeldande frå **01.01.2015**.

FORSKRIFT

Forskrifta, datert **21.11.2014**, gjeld for handsaming av **bygge-, frådelings-, og grensejusteringsaker** og andre tiltak etter plan- og bygningslova(PBL).

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova § 33-1. Den er vedteken av Herøy kommunestyre den **xx.xx.2014**, K-sak **xxx/14**, og gjeld frå **01.01.2015**. Forskrifta erstattar forskrift om gebyrregulativ vedteken av Herøy kommunestyre i **K-sak 110/10**.

BYGGESAKER:

Gebyret er hovudsakleg oppbygd av to element - eit grunnbeløp, og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeidet som fylgje av storleiken på bygget/tiltaket. Gebyrsatsane går fram av eit eige dokument.

§ 1 Gebyret dekkjer

Sakshandsaming av **frådelings-** og byggesaker, førehandskonferansar, plassering og høgde på bygningar utifrå innsende teikningar, mellombels bruksløyve / ferdigattestar og tilsyn inkludert ev. bruk av sakkyndig bistand. Det vert i tillegg kravd gebyr for handsaming av søknad om ansvarsrettar, føretaksgodkjenning, dispensasjon og eventuell utstikking/kontroll av utstikking. Faktura skal sendast til tiltakshavar. Andre avtalar kan gjerast med utviklingsavdelinga.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vert kravet tillagt kr 50,- for kvar purring og påslag av renter. Fakturaen skal betalast pr. forfall utan omsyn til kva tid byggjearbeidet vert sett i gang, eller om det i det heile vert sett i gang.

§ 3 Tidspunkt for fastsetjing av gebyr

Gebyret skal utreknast snarast etter at vedtak er gjort. Dette gjeld søknadar og meldingar av alle slag.

§ 4 Kombinerte bygg

Dersom bygget har fleire funksjonar/føremål, vert gebyret utrekna etter dei einskilde føremåla.

§ 5 Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygg etter § 20-2 c) i PBL skal det betalast fullt gebyr.

§ 6 Lokal godkjenning av føretak/ansvarsrett

For handsaming av ansvarsrettar generelt skal det reknast eitt gebyr pr. tiltak. Dette skal fakturerast tiltakshavar.

Der søknad om lokal godkjenning av føretak kjem inn i etterkant av at byggesøknad er godkjent, skal det reknast eit eige gebyr pr. føretak som skal dekke handsamingskostnaden dette medfører.

§ 7 Avslag på søknad

Byggesaker: For vedtak som medfører avslag skal det betalast berre grunnbeløp for tiltak opp til 200 m² bruksareal (BRA). Bygg over 200 m² BRA skal i tillegg betale kr 1,00 pr. m² over 200. Der det ligg føre dispensasjonssøknad som krev politisk handsaming, skal dette fakturerast i tillegg etter ordinære satsar.

Frådelingssøknader, §20-1 m : For vedtak som medfører avslag skal det betalast fullt gebyr.

DISPENSASJON FRÅ AREALPLAN, PLAN- OG BYGNINGSLOV OG VEDTEKT

§ 8 Søknad om dispensasjon

For søknad om dispensasjon skal det betalast eit gebyr i samsvar med gebyrsatsane.

Gebyret kjem i tillegg til gebyr for bygge-/frådelingssak.

ELLES GJELD FOR SAKER ETTER DETTE REGULATIV:

§ 9 Andre tilhøve

Tiltakshavar må dekke kostnader som følgje av tilhøve og / eller undersøkingar etter lov om kulturminne, plan- og bygningslova § 28-1 om m.a. byggjegrund og miljøtilhøve, og plan- og bygningslova § 29-1 og 29-2 om bistand knytt til estetiske vurderingar.

Tiltakshavar må også dekke eventuelt andre særskilte utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang.

Byggetiltak til allmenntilgjenge føremål for frivillege organisasjonar og liknande, får redusert gebyret til det halve av fastsette satsar.

§ 10 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnadar kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan utviklingsleiar fastsette gebyr i høve til dette etter skriftleg grunngjeven søknad.

§ 11 Klagerett

Fasttjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova.

Utviklingsleiararen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 12 Regulering av gebyret

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

FORSLAG GEBYRSATSAR FOR 2015 - Vedtak i kommunestyret dato - saksnr

Arkivsak: 2014/xxxx

Dato 21.11.2014

Gebyrregulativ , Jf. PBL § 33-1 og § 7 i lov om eigarseksjonar

Gjeldande frå 01.01.2015

GEBYRSATSAR for byggesaker, frådelling, grensejustering, seksjonering og regulering Alle areal er oppgitt i BRA		Grunn beløp	Gebyr pr. m ² BRA	Gebyr pr. m ² 0 - 200	Gebyr pr. m ² > 200
1	[Ingen registrering]				
2	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG ei brukseining, (inkl. garasje, etc.)	kr 3 000	kr 31,21	kr -	kr -
3	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Rekke, kjede, atrium-,horisontaldelt, o.l	kr 3 000	kr 37,50	kr -	kr -
4	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Tilbygg/påbygg	kr 3 000	kr 37,50	kr -	kr -
5	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Ombygging(endra bruksareal), bruksendring	kr 3 000	kr 7,80	kr -	kr -
6	BUSTAD- OG FRITIDSBYGG Fasadeendring, skifte av vindauge, tak og lignende	kr 3 000	kr -	kr -	kr -
7	ANDRE BYGG § 20-1 Nybygg	kr 3 000	kr -	kr 76,38	kr 19,00
8	ANDRE BYGG § 20-1 Til og påbygg	kr 3 000	kr -	kr 37,50	kr 19,00
9	ANDRE BYGG § 20-1 Omb/bruksendr	kr 3 000	kr -	kr 31,21	kr 19,00
10	TILTAK t.d. garasje, uthus (også landbruk) etter § 20-2 bokstav a), b) og d)	kr 3 000	kr 19,00	kr -	kr -
11	TILTAK Til/påbygg og bruksendringar etter § 20-2 a), b) og d)	kr 3 000	kr -	kr 19,00	kr -
12	MELLOMBELSE BYGNINGAR etter § 20-2 c) (fullt gebyr tilsvarende ANDRE BYGG § 20-1)	kr 3 000	kr -	kr 76,38	kr 19,00
13	ENDRINGAR, FORNYA BYGGELØYVE som krev handsaming	kr 3 000	kr -	kr 3,40	kr 1,64
14	REV.TEIKNINGAR/Mindre TILLEGG/ENDRINGAR som krev handsaming	kr 1 500	kr -	kr -	kr -
15	RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg < 100 m2	kr 1 500	kr -	kr -	kr -
16	RIVING AV BYGG OG ANLEGG Bygg > 100 m2	kr 3 000	kr 3,90	kr -	kr -

1/2 grunnbeløp

17	HEIS, TEKN.INNSTALL., PIPER/FYRINGSANLEGG	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	1/2 grunnbeløp
18	SKILT, STØTTEMURAR(inkl utstikking), MASTER, BRØNNAR, GJERDE	kr 1 500	kr -	kr -	kr -	1/2 grunnbeløp
19	UTANDØRSANLEGG / Anlegg (av ein viss storleik)	kr 3 000	kr -	kr -	kr -	
20	ANLEGG I STRANDSONA. HAMNER/FISKERIANLEGG, NYANLEGG, MOLO,KAI,FLYTEBRYGGE	kr 6 000	kr -	kr -	kr -	2 grunnbeløp
21	ANDRE SØKNADSPLIKTIGE TILTAK ETTER § 20-1 (kan vere mindre bygg, div. anlegg m.m)	kr 3 000	kr 19,00	kr -	kr -	
22	AVSLAG PÅ SØKNAD	kr 3 000				
23	ANSVARRETTAR, personleg godkjenning ved større tiltak (ansv. søk,pro)	kr 1 500				1/2 grunnbeløp
24	SAKSHANDSAMING AV LOKAL GODKJENNING, i etterkant av godkj. byggemeld.	kr 1 500				1/2 grunnbeløp
25	SØKNAD OM IGANGSETTINGSLØYVE eit gebyr pr. søknad	kr 3 000				
31	SØKNAD OM FRÅDELING - handsaming etter PBL	kr 3 000				
32	SEKSJONERING, ikkje utført synfaring - 3 gongar rettsgebyret*	kr 2 580				
33	SEKSJONERING, utført synfaring - 5 gongar rettsgebyret*	kr 4 300				

* Rettsgebyret er pr. 01.01.2014 på kr. 860,- (uendra sidan 01.01.2006)

UTSTIKKING AV BYGG	
Bustadhus	kr 3 988,- + mva
Etterkontroll av utstikking - Bustad:	kr 2 175,- + mva
PAKKE - utstikking Bustad inkl etterkontroll:	kr 5 546,- + mva
Garasje	kr 2 175,- + mva



Forslag til nye satsar

OPPMÅLINGSGEBYR

Gebyrsatsar for arbeid etter Matrikkellova

(§ 5 i gebyrforskrift Vedteken av Herøy [kommunestyre xx.xx.2014 K-sak xx/14](#))

Gjeldande frå **01.01.2015**

Mest brukte gebyrer:

Frådeling av ny eigedom

Areal frå 0 – 2000 m ²	kr 15.000,-
Areal frå 2001 -20 000m ²	kr 600.- (auke pr. påbegynt da)

Areal over 20 001m² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m²

Tilleggsareal, tilleggsareal til ny eller eksisterande eigedom

Gebyr kr 9000.- + kr 5,80 x m²

Grensejustering mellom eigedomar

Areal frå 0 – 500 m² kr 6.800,-

Merk!

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa.

Påvisning av grenser, kjente

For inntil 2 punkt kr 1.738,-
For overskytende grensepunkt, pr. punkt kr 579,-

Påvisning av grenser, ukjente

For inntil 2 punkter kr 5.796,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt kr 1.160,-

Heile gebyrregulativet, sjå neste side.

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovens § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følger:

Kostnader som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med den enkelte oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglygingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane under.

§5.1 Oppretting av matrikkeleining.....	2
§5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrund _____	2
§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn _____	2
§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon _____	2
§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom _____	2
§5.1.5 Registrering av jordsameige _____	2
§5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrund. _____	2
§5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....	2
§5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering _____	2
§5.3 Grensejustering	3
§5.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige _____	3
§5.3.2 Anleggseigedom _____	3
§5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige _____	3
§5.4.2 Anleggseigedom _____	3
§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	3
§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter.....	3
§5.7. Privat grenseavtale.....	4
§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid.....	4
§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka.....	4
§5.10 Utførde matrikkelbrev.....	4

§5.1 Oppretting av matrikkeleining

§5.1.1 OPPRETTING AV MATRIKKELEINING OG FESTEGRUNN

Areal frå 0 – 2000 m ²	kr 15000,-
Areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da.	kr 600,-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m ²	

§5.1.2 MATRIKULERING AV EKSISTERANDE UMATRIKULERT GRUNN

Areal frå 0 – 2000 m ²	kr 4000,-
Areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da.	kr 348,-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m ²	

§5.1.3 OPPMÅLING AV UTEAREAL PÅ EIGARSEKSJON

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon	kr 9000,-
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon,pr seksjon	kr 2.900,-

§5.1.4 OPPRETTING AV ANLEGGSEIGEDOM

Gebyr vert fastsett etter medgått tid. Timepris kr 600,-.Minstegebyr 15000,-

§5.1.5 REGISTRERING AV JORDSAMEIGE

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.
Timepris kr 600,-. Minstegebyr.....kr 4.900,-

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten

§5.1.6 OPPRETTING AV TILLEGGSAREAL SOM EIGEN MATRIKKELEINING SOM TILLEGG TIL EKSISTERANDE GRUNNEIGEDOM ELLER FESTEGRUNN.

Gebyr kr 9000.- + kr 5,80 per m²

§5.1.7 OPPRETTING AV PUNKTFESTE.

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste kr 9000,-
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste der punktfeste er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak kr 4000,-

§5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på kr 4300,-

§5.2.1 AVBROT I OPPMÅLINGSFORRETNING ELLER MATRIKULERING

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsene sett til 1/3 etter §5.1 og §5.2

§5.3 Grensejustering

§5.3.1 GRUNNEIGEDOM, FESTEGRUNN OG JORDSAMEIGE

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 – 500 m² kr 6.800,-

§5.3.2 ANLEGGSEIGEDOM

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m³

Volum frå 0 – 1000 m³ kr 6.800,-

§5.4 Arealoverføring

§5.4.1 GRUNNEIGEDOM, FESTEGRUNN OG JORDSAMEIGE

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Areal frå 0 – 2000 m² kr 15000,-

Areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da kr 600,-

§5.4.2 ANLEGGSEIGEDOM

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 2000 m³ kr 15000,-

Volum frå 2001 - auke pr. påbegynt da kr 600,-

§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt kr 1.738,-

For overskytende grensepunkt, pr. punkt kr 579,-

§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter

For inntil 2 punkter kr 5.796,-

For overskytende grensepunkt, pr. punkt kr 1.160,-

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Timepris kr 600,-.

Dersom alle grensene kring eidedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter §5.1

§5.7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid. Timepris kr 600,-. Minstegebyr kr 2.320,-

§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid

Gebyr for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid. Timepris kr 600,- + mva.

Ved markarbeid vert lagt til bruk av oppmålingsutstyr kr 338,- pr time.
Meirverdiavgift skal eventuelt leggst til etter gjeldande reglar.

§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§5.10 Uferde matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider kr 175,-
Matrikkelbrev over 10 sider kr 350,-

Endring i maksimalsatsar vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

§5.11 Betalingsvilkår

Betaling etter vilkår i pkt. 4.1 til 4.7 i forskriftstekst.

Gebyr vert sendt rekvirent dersom ikkje anna er avtalt.

Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal utreknast etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottek ein fullstendig rekvisisjon.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretninga, og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar, som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem såleis i tillegg til satsane over.

Timekostnad i dette regulativ skal dekke både direkte og indirekte kostnadar. For arbeid utført etter medgått tid vert det nytta timesatsen i pkt. 5.8.

Meiravgift skal ikkje regnast med unnateke for pkt. 5.8, der mva. skal leggst til etter gjeldande reglar.

Revisjon: 21.11.14 JMM



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
166/14	Kommunestyret	17.12.2014

BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2019

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdømme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelige ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling.
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømmebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2015 (runda av til næraste kr 5.000,-).

Område	Brutto	Brutto	Netto	Netto
	Utgift 2015	Inntekt 2015	Utgift 2015	budsjett 2014
Pol. Leiing	4.150	120	4.030	3.695
Adm leiing	6.300	2.180	4.120	3.320
Servicetorget	4.150	830	3.320	3.000
Fellessekretariatet	2.405	195	2.210	2.185
Økonomiavd	6.120	470	5.650	6.160
Pers og org. avd	10.120	2.060	8.060	8.235
IKT	5.670	470	5.200	4.550
Overføringar til andre	34.830	25.850	8.980	8.800
Barnehageavdelinga	68.065	3.835	64.230	61.680
Skuleavdelinga	126.350	17.540	108.810	109.900
Barn, familie og helse	48.255	10.060	38.195	34.545
Pleie og omsorgsavd.	125.490	19.840	105.650	101.730
Bu- og habilitering	49.000	11.130	37.870	36.285
Sosial og flyktning	14.960	5.365	9.595	9.520
Kulturavdelinga	17.995	9.475	8.520	8.020
Utviklingsavdelinga	8.675	2.885	5.790	6.330
Anlegg og driftsavd.	39.790	23.830	15.960	12.240
Eigedomsavdelinga	32.870	15.595	17.275	15.140
Samhandlingsreforma	295	295	0	12.400

3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2015.

4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.

5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

a) Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2015.

Kr 2.580,- for heil plass + matpengar kr 300,-.

b) Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

c) Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d) Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:

(Pr. 1.5.14 er 1 G kr. 88.370,-

- Timepris: kr 250,- (kr 240,- i 2014)
- 2-3 G – Kr 1.000,- per mnd (kr 960,-)
- 3-4 G – Kr 1.300,- per mnd (kr 1.220,-)
- 4-5 G – kr 1.600,- per mnd (kr 1.500,-)

- Over 5 G – kr 1.900,- per mnd (kr 1.850,-)
- e) Leige tryggleiksalarmar kr 300,- per månad (kr 300,-).
 - f) Korttidsopphald institusjon kr 142,- pr døgn (kr 137,-)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g) Dagplass ved institusjon kr 74,- pr dag (kr 72,-).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
 - h) Sal av middag ved institusjonane kr 80,- pr middag (kr 75,-)
 - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (kr 90,-)
 - j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 1853,- (kr 1.776,- per døgn i 2014. 2015 blir først kjent når budsjettet til PO er vedtatt – når tilrådinga til K-styret er kjent)
 - k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %
 - l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), og gebysatsane for byggesakshandsaming, oppmåling, planarbeid etc vert fastsett for 2015 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventa utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 7.100,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
 7. Budsjettet for 2015 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
 - a) 0,75 årsverk PO (kreftsjukepleiar)
 8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
 9. Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestnivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast. Ein plan for dette må snarast rådleggast fram for kommunestyret for handsaming. Fram til denne planen er godkjent innfører kommunestyret stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.
 - a. Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
 - b. Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.
 11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
 12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 107,0 mill for 2015. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
 13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2015. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

- 14 Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
- 15 Kommunestyret vedtek budsjettet for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015-2018 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.
16. Administrasjonen får i oppdrag å finne potensiell kjøpar av heile eller deler av Aksjeposten kommunen har i Tussa Kraft AS.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontroll AS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Avdelingane, her

Vedlegg:

Nye tiltak investering

Nye tiltak drift

Innspel

Saksopplysningar:**Innleiing:**

I statsbudsjettet (Prop. 1 S) blir det formidla forventningar om at kommunesektoren skal tilby fleire og betre tenester. Det skal bli gitt rom for auka velferd til pleietrengande, eit meir tilgjengeleg barnehagetilbod og meir kunnskap i skulen. Samstundes meiner regjeringa at det er rom for å effektivisere kommunesektoren ytterlegare.

Regjeringa sitt forslag til kommuneopplegg for 2015 har ein realvekst i samla inntekter på 6,2 mrd. kroner, rekna frå anslått inntektsnivå i 2014. Innanfor denne veksten er enkelte formål særleg ivaretatt. Dette gjeld kommunale tenester innanfor rus og psykisk helse, fleksible barnehageopptak, og ein styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Skatteanslaget i Herøy kommune for 2014 var for høgt, og vi erkjenner at den mest negative forventninga for dette året faktisk har slått til. Frå 2. kvartal har Herøy kommune vore kjend med eit planlagt underskot, som skulle dekkast ved bruk av bufferkapital. Grunna overskridingar i større samfunnsprosjekt, har t.d. aksjeutvidingar vore med på å ta av den tilgjengelege bufferkapitalen. Vi har ikkje økonomisk handlingsrom til å handtere årets underskot, og må derfor føre dette over til utfordringane for 2015.

Dersom ein ser bort frå eit eventuelt overført underskot frå 2014, vil tildelinga til Herøy kommune fortsatt ikkje vere nok til å vidareføre normaldrifta i kommunen. Med det økonomiske utgangspunktet for budsjett 2015 må ein erkjenne at drifta i Herøy kommune er underdimensjonert sett i lys av samfunnsforventningar, men overdimensjonert i høve til overføringane frå staten.

Herøy kommune må utfordre sine eigne haldningar til fleire sentrale samfunnsforhold. For det fyrste er ikkje Herøy kommune ei langstrakt kommune, sett i lys av dagens infrastruktur. Reisetidene er korte same kva slags stadar ein tek utgangspunkt i. Diskusjon om indre/ytre har derfor liten praktisk konsekvens sjølv om haldninga i samfunnet står sterkt.

Vidare har Herøy kommune sterke bygdesamfunn, som hegnar på eigne krav om å oppretthalde tenestetilbod. I lys av budsjettutfordringane har no Herøy kommune eit unikt handlingsrom for å legg til rette for eit tenestetilbod som står i samsvar med andre kommunar. Dette må vi sjå i lys av den komande kommunereforma. Ein må her erkjenne at det er utfordrande for politikarane å sjå ut over sine eigne territoriale grenser når ein er valt av folket til å ivareta Herøy kommune sine interesser.

Budsjettutfordringane for 2015 må løysast med andre verkemiddel enn det ein har gjort tidlegare. Herøy kommune vil ha utfordringar med å leve opp til forventningane i statsbudsjettet, sjølv om ein skulle innføre eigedomsskatt i økonomiplanperioda. Det vil vere behov for ein kritisk gjennomgang av nivå, omfang og struktur på tenestetilbod, organisasjonsstruktur og organisatorisk effektivisering.

Budsjett 2015 vil særleg utfordre vore politikarar til å prioritere mellom knappe ressursar. Herøy kommune må tenke meir langsiktig i den økonomiske planlegginga, særskilt med tanke på framtidige investeringar i realkapital, og hente ut effektar i tiltak som berre har halvårseffekt for 2015 – men vidare heilårseffekt frå 2016. Rådmannen synest at budsjettprosessen i kommunen er særleg krevjande, då den statlege skrustikka stramar ytterlegare for 2015. Dette til tross for at statsbudsjettet legg vekt på ein sunn og sterk kommuneøkonomi som grunnlag for eit god velferdstilbod.

Til forsvar for staten så det den kommunale finansieringsmodellen som slår ut negativt, då det er sviakt i skatteinngangen til Herøy kommune som er årsaka. Dersom vi kunne få del i selskapskatten hadde situasjonen vår sett heilt annleis ut.

Den kommunale bygningsmassen har eit svært omfattande etterslep på vedlikehald, og evna til å fornye eigedomane ved nybygg krev langsiktig planlegging for å skape nødvendig handlingsrom. Innanfor ei periode på fem år er det behov for eit nytt skulebygg, nytt barnehagebygg, ny brannstasjon og driftssentral, og nytt omsorgs/helsebygg. Dette er store investeringar som krev omfattande ressursar gjennom lånefinansiering. Dette vil leggje ytterlager press på den årlege kommuneøkonomien. Det må vere eit grunnleggande krav at ein klarar å hente ut rasjonaliserings- og effektiviseringsgevinstar ved desse nybygga.

Det er ikkje rom for å nærme seg ein ambisjon om 3% overskot på drifta, eksklusive RDA midlar. Herøy kommune har per i dag ein kommuneøkonomi som etter statens føringar ikkje er sunn.

Budsjett- og økonomiplanen skal etter innstilling frå formannskapet leggjast ut til offentleg ettersyn i 14 dagar. Bakgrunnen for dette er at innbyggjarane skal kunne gjere seg kjent med innhaldet i planen, politikarane sine fleirtals- og mindretalsframlegg og kunne kome med innspel til slutthandsaminga i kommunestyret.

2. ØKONOMIPLAN

2.1 Demografi

Utvikling av folketalet

Den 01.01. 2014 var folketalet i kommunen på 8847 personar. Det er det same som 01.01.2013.

Framskrivning av folketalet

SSB presenterte 17.06. 2014 nye befolkningsframskrivningar. Framskrivningane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivninga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg eller middels nasjonal vekst. Dersom ein legg til grunn låg nasjonal vekst (LLML), vil folketalet gå tilbake frå 8847 personar i 2014 til 8842 personar i 2040.

Låg nasjonal vekst viser at det vil bli fødd færre born kvart år. Ein vil få færre born både i barne- og ungdomsskulealder. Vidaregåande skule vil og få færre søkjarar.

Legg ein til grunn middels nasjonal vekst (MMMM), vil folketalet auke jamt frå 8847 i 2014 til 9863 personar i 2040.

Aukande antall gamle innbyggjarar

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
80 +	476	470	651	862

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskrivning av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040.

Stabil ungdomsgruppe.

Alder/årstal	2014	2020	2030	2040
0-5 år	610	619	634	605
6-15 år	1162	1158	1153	1139
Sum	1772	1777	1787	1744

Kjelde: SSB, alt MMMM

Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

2.2 Herøy kommune sin strategi

Kommunestyret vedtok følgjande strategi i K-sak 179/10 den 16. desember 2010:.

“1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta

- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

Summen av handlingane til både politikarane og tilsette er det som formar omdømet. Forventingsstyring vil seie å vere tydeleg på kva tenester og til kva kvalitet eller standard Herøy kommune kan levere ut frå dei ressursane kommunen faktisk har.

Staten har gjennom inntektssystemet fastsett kriterier for utgiftsnivået for Herøy kommune. Tenester som er organisert dyrare enn inntektsoverføringane frå staten kompensere, må vi dekkje sjølve. Det skjer i praksis ved at standarden eller tilbodet på andre tenesteområde vert lågare. Høgare utgiftsnivå er knytt til strukturell organisering og er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt, men pressar seg no fram som aktuelle tiltak.

I prinsippet har dei " frie inntektene" til Herøy kommune vore samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning og momskompensasjon av investeringane i drifta. Utbytte frå Tussa har vore lågt over fleire år, og er forventa til å vere små i tida vidare. Både Volda og Ørsta kommunar har innført eigedomsskatt, som vil ta godt føre seg i selskapets kapitalstruktur. Vidare er momskompensasjonen oppheva, og ein står då tilbake med finansavkastinga som også er låg for dei komande åra. Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnsatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjering av ressursar.

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reservar eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Oppleving av meistring vert uttrykt som indikator for å trivast og kunne gjere ein god jobb. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å meistre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig for kommunen sitt omdøme at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskar. Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter.

Dei kommunale tenestetilboda som barnehage, skule, sjukeheimplass mv tek folk for gitt i alle kommunar. Ein greier ikkje å marknadsføre desse tenestene som unike sjølv om kvaliteten er god. Derimot vil effekten vere fråstøytande dersom tilbodet vert oppfatta som dårleg.

Opninga av hotellet, konserthuset, ny kino og skipssimulator har satt Herøy og Fosnavåg på kartet, og vi har eit positivt moment vi kan dra nytte av over tid. Effekten avhenger sjølv sagt av arbeidsmåtar for formidling. Opninga av Sunnmørsbadet i 2015 vil også vere ein sær positiv faktor for omdømme til Herøy kommune. Det er ein samanheng mellom tilgang på oppleving, sosiale møteplassar mv. og attraktivitet.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Samordne prioriteringar av utbygging av byggjefelt og infrastruktur
- Stimulere til sentrumsutvikling i Fosnavåg

- Store utbyggingar innan oppvekst, pleie- og omsorg og tekniske tenester
- Kommunereforma
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK
- Integrering og mangfald
- Sikre god kvalitet og tilførsel av vatn i heile kommunen

2.3 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjer kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnader. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy går mot eit rekneskapsmessig meirforbruk i 2014. Grunnen til dette er i første rekke at staten sine prognoser når det gjeld skatt og rammetilskott var mykje høgare enn det som no viser seg å bli resultatet. Dette gjeld for landet under eitt, men Herøy kommune opplever no ein reell reduksjon av skatteinntektene for andre år på rad. Skatteprosenten vart redusert frå 28% til 27%, skatteøret vart redusert og det same vart då også kommunen sin del av skatteinntektene frå dei forskottspliktige der ein no er nede på 30%.

I utgangspunktet har Herøy kommune eit stort negativt handlingsrom i økonomiplanperioden. Ved å innføre eigedomsskatt og effektivisere det kommunale tenesteapparatet har ein imidlertid sjans til å snu denne trenden, men då må dette prioriterast og arbeidet settast i gong umiddelbart.

For 2015 kan ein balansere budsjettet ved å nytte staten sine prognoser på skatt og rammetilskott, ved å halde vakante stillingar ledige, ved å effektivisere drifta og ved å vere forsiktige med å godkjenne nye driftstiltak. Dersom ein ikkje startar effektiviseringsarbeidet umiddelbart vil budsjettet som styringsverktøy ikkje få den betydninga den skal ha. Ein har tidlegare signalisert driftsreduksjonar, men ein har ikkje greidd ut korleis desse skal gjennomførast. Slik rådmannen ser det må driftsnivået justerast ned ca. 20,0 mill kroner i den komande økonomiplanperioden for at vi skal klare å skape balanse og handlingsrom ut frå dagens driftsnivå, og gjere oss mindre avhengig av kortsiktige og svingande inntekter.

Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen og pensjonsforskriftene. I tillegg verkar det som om regjeringa har saker dei brenn for som absolutt skal inn i budsjettet utan at det er uttrykt behov for dette i kommunane. Dette gjeld saker som skulehelseteneste, valfag, psykiatri etc. Dei siste par åra har i tillegg staten tatt ein sjanse på at kommunane sine skatteinntekter skal auke med 4,4% i 2014 og 3,7% i 2015. Dette er urealistisk stor vekst, men rådmannen trur at dette er gjort med overlegg, då det er kommunane som må effektivisere drifta og ta tapa dersom spådommane ikkje slår til.

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar. Eit anna kan vere mottak av flyktingar.

I komande økonomiplanperiode må kommunen jobbe målretta med ei endring i drifta og vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar

om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilheitleg og langsiktig perspektiv. Samtidig må Herøy, som mange andre kommunar, posisjonere seg i høve til kommunereforma. Feilprioriteringar vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Stor vekst i kostnadane og lav inntektsvekst vil tvinge fram ei innføring av eigedomsskatt i Herøy kommune. Slik innføring kan presse seg fram allereie frå 2016.

Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringane. Driftsmidlar kan gjennomførast på fire måtar:

1. Prioritere eller ta vekk driftsmidlar.
2. Redusere kvalitet og omfang av leverte tenestar.
3. Endre på struktur i tenesteleveransen, dvs. redusere tal stadar ein leverar tenester.
4. Auke skatteinntektene, ved å legge til rette for nye/fleire innbyggjarar, og/eller innføre eigedomsskatt.

Rådmannen ser no at å ytterlegare redusere på tilgjengelege driftsmidlar ikkje har tilstrekkeleg effekt på dei økonomiske utfordringane. Løysingane ligg i dei andre verkemidlane. Investeringsbudsjettet bør ha eit perspektiv som anten gir grunnlag for endra struktur eller gir stimuli for å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet. Stagnasjon i folkevekst vil gi lågare skatteinntekter og på sikt lågare rammeoverføringar.

Fleire kommunar innfører eigedomsskatt for å sikre gode tenester til innbyggjarane og prioritere samfunnsutvikling. I 2001 hadde 25 % av kommunane eigedomsskatt. No har dette auka til nær 40 %. I løpat av dei neste par åra vil det auke ytterlegare. For Herøy kommune vil evt innføring av eigedomsskatt gjeve oss meirinntekter i storleiken 14 – 50 mill kroner (opptrapping over 4 år – frå 2 promille i startåret til maks 7 promille etter 4 år). Ein har i dei vedlagde framstillingane gått ut frå ei innføring av denne skatten i 2016 og at ein held seg til 2% i heile økonomiplanperioden. Dersom ein ikkje innfører denne skattlegginga vil kommunen få store utfordringar med tenesteproduksjonen i framtida. I tillegg vil ein ikkje få ein økonomiplan i balanse.

2.3.1 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt ei fin utvikling i sine skatteinntekter. Faktisk har auke vore større enn i dei fleste av våre nabokommunar. I 2013 derimot opplever kommunen ein reduksjon i skatteinntektene, og denne reduksjonen ser også ut til å halde fram i 2014.

I revidert nasjonalbudsjett såg regjeringa føre seg ein vekst i skatteinntektene for 2014 på 4,4%. I statsbudsjettet er forventningane for 2015 på 3,7%. Skatteøret (kommunen sin del av dei samla skatteinntektene) er redusert med 0,15 poeng. For Herøy kommune sin del vert skatteinntektene for 2015 berekna til i 252,8 mill kr i statsbudsjett for 2015. Dette er ein stor auke sett i høve til det som kan kome til å bli den reelle skatteinntekta for 2014.

Vårt håp er at Herøy igjen skal ha ein skattevekst som er høgare enn landsgjennomsnittet i 2015. Grunnen til dette er den stagnasjonen ein har opplevd i 2013 og 2014. I 2014 kan det sjå ut til at delar av næringslivet går litt betre enn i 2013 og det har også skjedd ein del andre ting som gjer at utgangspunktet i 2015 vil bli betre enn i dei to siste åra.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein sik tabell.

Skattevekst	Skatt	Rammetilskott	Sum
Uendra 2014-2015	236,0	208,8	244,8

3,0% vekst i 2015	243,1	204,5	447,6
5,0% vekst i 2015	247,8	201,7	449,5
7,5% vekst i 2014	253,7	198,2	451,9
Statsbudsjettet	258,2	195,4	453,6

Skal ein nå opp i prognosene i statsbudsjettet må Herøy kommune ha ein skattevekst frå 2014 til 2015 på 9,4% Ein slik vekst er kanskje urealistisk men sidan staten opererer med slike tal for Herøy kommune sin del vel vi å nytte dei i budsjett 2015.

2.3.2 Aksjeutbytte Tussa AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2014 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 9.000,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på kr 7.000,-. Utbyttet vi har motteke frå Tussa AS har variert frå kr 2.100,- per aksje og opp i kr 17.700,- per aksje. Kva som vil vere rett utbyttelnivå for 2015 er vanskeleg å vurdere. Førebels har vi lagt oss på eit utbytte på kr 7.100,- per aksje i 2015 noko som gir oss eit samla utbytte på om lag kr 3.635.000,-. Volda og Ørsta kommunar har budsjettert med om lag det same utbyttet som det Herøy kommune har gjort.

No når KLP kome inn som ein finansiell investor med forventningar om avkastning. I utgangspunktet er det grunn til å tru at dei forventar ei avkastning høgare enn 3. mnd NIBOR noko som skulle tilseie minst mellom 2 og 3%. Basert på kjøpspris (kr 675.000,- per aksje) utgjør det eit utbytte per aksje på mellom kr 13.500,- og kr 20.250,- per aksje per år. For Herøy kommune vil det samla utgjere mellom 6,9 og 10,4 mill kr.

Likevel. Dei store usikkerheitene rundt utbyttestørleiken per aksje gjer at rådmannen ikkje ynskjer å budsjettere med slike inntekter i åra som kjem. I tillegg har Tussa AS i sine rapportar gitt uttrykk for at lønsemda i kraftbransjen ikkje vil betre seg storleg dei neste åra og at kommunene ikkje kan rekne med så store utbetalingar av utbytte som ein har sett dei siste åra.

Eit anna punkt ein skal vurdere i økonomiplansamanheng er at eigedomsskatt i Ørsta, Volda og Hareid kommunar vil gjere at selskapet sine utgifter vil auke og at resultatet såleis kan bli ytterlegare svekka i åra som kjem (utgjør netto ei meirutgift for selskapet på om lag 2,2 mill kr).

2.3.3 Finans

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskott i bank.

Ubunde kapitalfond er brukt opp og kanskje også negative ved komande årsskifte. I tillegg veks premieavviket på pensjon (mellom 23,7 mill kr per 31.12.2013). Alt dette gjer at Herøy kommune sin likviditet vil bli meir pressa framover. Vi har allereie redusert plasseringane med 26,0 millkr i oktober og ein kan risikere å selje seg endå meir ned før nyttår. Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 6,95 mill kr. Dette er uendra sett i høve til opprinneleg budsjett 2014. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning og renter på bankinnskott.

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar frå dag til dag og det er vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det

sjølvstøtt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare pensjonskostnader). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

I budsjettframlegget for 2014 har ein lagt til grunn ei flytande rente på 2,15 % i alle dei låneinstitusjonane der vi har slike lån. Mange av kommunen sine lån er knytt opp med fast rente. Ein har prøvd å ta omsyn til den fastrenta desse låna vil ha for 2015.

For 2015 legg ein opp til rentekostnader på i overkant av 14,0 mill kr. Dette er ein stor reduksjon i høve til det ein har budsjettert med dei siste åra. Ein har i 2015 budsjettert i samsvar med dei renteprognoosene ein har fått med vår finansielle rådgjevar, Bergen Capital Management AS.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2015 tilsvarande 20,9 mill kr. Ein auke i høve til 2014 budsjettet på 1,2 mill kr. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapan (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane). Her kan kostnadane bli høgare, men det er vanskeleg å kome med presise berekningar.

3. BUDSJETT

3.1 Statsbudsjettet

Kommuneoppdraget 2015 – Prop 1 S.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

- Vi styrker kommunene så de kan sørge for mer kunnskap i skolen, bedre kvalitet i helse- og omsorgstjenesten og fortsette arbeidet med å tette hull i det sosiale sikkerhetsnett

- Kunnskap i skulen
- Betre kvalitet i helse- og omsorgstjenestene
- Tette hol i det sosiale sikkerhetsnett

I statsbudsjettet er det opplyst at veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 6,2 mrd kr. Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar (4,4 mrd kr). Dette utgjør om lag 1,4 % realvekst rekna frå berekna inntektsnivå i 2014. Veksten i dei frie inntektene er om lag 1,2 mrd kr høgare enn det ein varsla i kommuneproposisjonen for 2015. Føljande utgiftsvekst må dekkast av dei auka frie inntektene:

Realvekst kommunesektoren	Kommentar	6,2 mrd (1,5 %)
Herav vekst frie inntekter		4,4 mrd (1,4 %)
Andel vekst frie inntekter på primærkommunane		3,9 mrd
Vekst frie inntekter primærkommunane skal dekkje:		3,90 mrd
- Andel vekst demografikostnader	80 % av 2,7 mill	2,16 mrd
- Pensjonskostn utover deflator	Ikkje pålagt	0,40 mrd
- Helsestasjon/skulehelseteneste	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Rus og psykiatri	Ikkje pålagt	0,20 mrd
- Fleksibelt barnehageopptak		0,10 mrd
Sum til ”disposisjon”		0,84 mrd

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsla løns- og prisvekst på nær 3,0%.

Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):

- Saltsing på helsestasjon og skulehelsetenesta
- Utdanning av deltidsbrannpersonell
- Auka kommunal eigedel i statlege barnevernsinstitusjonar
- Reversering av kulturskuletilbod i skulen/SFO
- Reversering av frukt og grønt
- Valfag 10 årstrinn. Heliårsverknad
- Auka likeverdig behandling av kommunale og private barnehagar (heilårsverknad)
- Redusert etterspurnad etter barnehageplassar pga auka kontantstøtte (heilårsverknad)
- Auke maksimalprisen i barnehagane med kr 100,- per mnd (trekk i ramma til kommunane)
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Rus
- Psykiatri

I tillegg aukar innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar til 1,08 mill kr per brukar.

Maksimalsatsten pr månad for heiltidsplass i barnehage vert auka med kr 100,- til kr 2.460,-. Kommunane frå trekk i ramma tilsvarande inntektsveksten.

Innslagspunktet for tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert kr 1.080.000,- (opp kr 70.000,-) og kommunane får kompensert 80,0. Desse endringane får verknad frå 2014 og gjer at Herøy kommune sine meirkostnader aukar med mellom 0,6 og 0,8 mill kr per år.

Investeringsstilskot og rentekompensasjon:

- Investeringsstilskot til sjukeheimplassar og omsorgsbustader til 2.500 nye einingar med 200,0 mill kr
- Tilskott til om lag 1000 nye dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens
- Rentekompensasjonsordninga for Skulebygg og symjeanlegg aukar med 45,0 mill kr.

3.2 Anslag på vekst for Herøy kommune

Anslått konsekvens av statsbudsjettet på Herøy kommune:

Dei frie inntektene er ikkje frie. Det er gitt ein del føringar som er gitt i samband med løyvingane. Vi kan sette dette opp slik:

I budsjettframlegget for 2015 er det på konto 9016 10900 170.0 rekna med eit pensjonssavik på 9.696.500 og på konto 9016 10990 170.0 1.366.325. Kommunestyret har såleis ikkje dekning for driftsutgifter på 11 millionar og desse 11 million i pensjonsutgifter må budsjetterast dei komande 7 åra. Pensjonsgjelda vil auke til over 50 million.

Held ein fram med eit årleg pensjonsavik på over 10 million er neste milepel ei pensjonsgjeld på 100 million.

Pensjonsordninga frå 2002 kunna ha vore brukande dersom ordninga var "evigvarande". Kwart år betalte ein då gamal gjeld, mens årets utgifter vart skutt ut i framtida.

Men ordninga er under avvikling. Dei 15 åra pensjonsutgiftene kunne fordelast på, vart reduserte til 10 og for 2015 er det 7 år.

Kommunene har hatt saka til uttale. Eit klart fleirtal ba om at ordninga må avviklast. Dei 7 åra blir redusert til 0 via 3 eller 5 år.

Eit minimumskrav for eit økonomisk ansvarleg kommunestyre må vere at ein finn dekning for dei årlege driftsutgiftene. Og det er sjølv sagt ikkje bra om ein berre skyv problema over til etterkomarane.

Kommunestyret må ved denne budsjett handsaminga dekke alt eller mest mogleg av dei udekte pensjonsutgiftene på 11 million.

Kommunestyret må alt no gi klare signal om at alle årlege pensjonsutgifter dei komande åra skal løyvast i årsbudsjetta.

Pensjonsgjelda på 40-50 million vil då bli sletta i løpet av 10 år. Det er ille nok at ein må drasse på gamle synder i 10 år. Lengre nedbetalingstid vil vere uansvarleg.

uten navn

Fwd: Premieavvik - budsjett 2015
egil.leikanger (egil.leikanger@tussa.com) Add to contacts Attachment 10:01
Keep this message at the top of your inbox Documents
To: oleleik@outlook.com
egil.leikanger@tussa.com
From: egil.leikanger (egil.leikanger@tussa.com)
Sent: 03 December 2014 10:01:36
To: oleleik@outlook.com
Attachments: 1 attachment | Download all as zip (13.4 KB)
HERØY KOMMUNE SITT BUDSJETT FOR 2014.docx (13.4 KB) View online
Parts of this message have been blocked for your safety.
Show content | I trust egil.leikanger@tussa.com. Always show content.

----- Opphavleg melding -----
Emne: Premieavvik - budsjett 2015
Dato: 2014-01-03 10:13
Frå: Egil.leikanger <egil.leikanger@tussa.com>
Til: postmottak@heroy.kommune.no

Vedlagde merknad til budsjettframlegget for 2014 vart sendt Herøy
Kommune den 08.12. Merknaden kom ikkje fram, og feilen var nok min.

Pensjonsutgiftene er ein liten del av budsjettet og premieavviket for
2015 er uvisst. Premieavviket må likevel nøye vurderast, og eg ber
derfor om at vedlagde merknad vert lagt ved budsjettdokumenta for 2015.
Uttrykksmåten i merknaden kan nok diskuterast, men eg fylgjer Georg
Brandes sitt råd: "Skal en få oppmerksomhet, må en åpne vinduet og rope
brand".

mvh

Egil Leikanger

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
- 3 DES. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

HERØY KOMMUNE SITT BUDSJETT FOR 2014 - STRUTSEPOLITIKK.

Budsjettframlegget for 2014 er balansert med ein inntektspost på 14,1 millionar. Dette er ikkje reelle inntekter. Komande kommunestyre skal dei neste 10 åra løyve desse 14,1 millionane for å finansiere mykje av kommunen sine pensjonsutgifter i 2014.

Det er 12. året Herøy kommunestyre nyttar dette rekneskapstrikset. I 2012 hadde kommunen 28,5 millionar i tidlegare pensjonsutgifter som skulle belastast komande budsjett og rekneskap. For 2013 kan 6,5 millionar vere eit rimeleg anslag. I 2014 triksar ein vekk 14,1 millionar, men løyver 2,3 millionar som tidlegare pensjonsutgifter. Ved utgangen av 2014 har ein såleis ca. 47 millionar udekte pensjonsutgifter. 47 millionar som skal belastast budsjett og rekneskap dei komande 10-11 åra.

2002 var eit vanskeleg år for kommunane, sæleg på grunn av sterkt aukande pensjonsutgifter. I staden for å auke overføringane frå staten til kommunane, ga staten kommunane løyve til å fordele dei årlege pensjonskostnadene over 15 år.

Politikarar frå Herøy og utgiftskåte politikarar elles har brukt naudløysingar frå 2002 kvart einaste år seinare. På 10 år brukte kommunane 30 milliandar til driftsutgifter/auka driftsutgifter i staden for å dekke opp pensjonskostnadene.

Galskapen kunne ikkje halde fram. I 2012 vart dei 15 åra reduserete til 10, og det ligg føre framlegg om at pensjonsutgiftene berre skal fordelast på 5 eller 7 år.

Ein må rekne med ytterlegare reduksjon av fordelingsåra og avvikling av heile ordninga.

Om få år må Herøy kommunestyre i budsjett og rekneskap dekke inn ein stadig større del av pensjonsutgiftene, og snart alt. Kommunestyret må då også finansiere udekte pensjonsutgifter frå tidlegare år, kanskje 10 millionar pr. år dersom kommunestyret held fram med å skyve pensjonsutgifter fram i tid. Sjølve pensjonskostnadene kan også auke mykje.

Triksinga med pensjonsutgiftene i 12 år har ført til at driftsutgiftene elles har blitt så store at det blir vanskeleg å snu. Dette vil likevel tvinge seg fram. Snuoperasjonen må starte snarast råd, elles blir problema for store.

Det sitjande kommunestyret burde stryke pensjonsinntektsposten på 14,1 millionar i budsjettet for 2014. Vanskeleg no, men nokre millionar må ein klare.

Vidare må dei reelle pensjonsutgiftene for 2015 innarbeidast i budsjettet for 2015. Dei komande kommunestyra må budsjettere med dei årlege reelle pensjonsutgiftene og dei må finansiere mykje av pensjonsutgiftene frå åra 2002-2014. Det ville vere ille og heilt uansvarleg om dei skulle få i oppdrag av det sitjande kommunestyre om også å dekke ein stor del av pensjonskostnaden frå 2015.

Det er staten som har innført ordninga med premieavvik, så mange reknar nok med at staten skal få kommunane ut av knipa.

Men 50 kommunar har klart å finansiere dei årlege pensjonsutgiftene kvart einaste år. Fleire av dei andre 380 kommunane har klart dette i eitt eller fleire år, mellom anna Vanylven.

Herøy og dei andre kommunane som har latt dette skure i 12 år, kan ikkje vente ei øyremerka tilskotsordning for uansvarlege kommunar.

I ein leiar den 29.09.11 i Kommunal Rapport, kommunane si avis, vurderte redaktør Ole Petter Pedersen triksinga med pensjonsutgiftene.

I samband med at det var rekna med at kommunane i 2012 skulle fordele 7 milliandar av pensjonsutgiftene over 15 år, skreiv redaktøren m.a.:

"Dette er ikke penger som kommer inn på konto, de bare forsvinner fra utgiftskolonnen i regnskapet. Herlig magi, ikke sant? Plutselig vil dere få masse plass i

budsjettet til all verdens gode tiltak

Om det bare var så vel. For 2012 blir kronåret for en velment ordning som har slått fullstendig feil og ført mange lokalpolitikere bak lyset de senere årene.

På kort sikt er det som å tisse i bukse for å holde varmen. Regnskapet ser finere ut, og ordføreren kan skryte av sin egen økonomistyring. Men som en bumerang kommer pengene inn igjen i regnskapet over tid".

Redaktøren avslutta med slik kraftsalve i uthava skrift: "SÅ LENGE DENNE VANVITTIGE ORDNINGEN FINNES, MÅ LOKALPOLITIKERNE SELV PRØVE Å TA ANSVAR".

Tiltredes.

Å føre driftsutgifter over til framtida må vere smittsamt. I budsjettframlegget har Herøy formannskap rekna med 51.430 millionar i investeringar (rassikring ikkje medrekna). Lån skal finansiere 49.070 millionar av desse investeringane.

Snart 96% av investeringane i 2014 skal såleis belastast komande politikarar og ikkje minst skatteytarar.

Ved komande årsskifte vil Herøy kommune ha over 600 millionar i lån. Dette er over 10.000 kr. meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Stor bruk av lånefinansiering forsterkar også Herøy kommunestyre sin praksis om at herøypolitikarane og innbyggjarane i mange komande valperioder skal løyse dagens problem.

"Etter oss kommer syntefloden", Madame de Pompadour.


Egil Leikanger



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/14	Formannskapet	03.12.2014
167/14	Kommunestyret	17.12.2014

EKSTERN GJENNOMGANG AV ORGANISASJON, STRUKTUR OG TENESTENIVÅ.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2014

Kommunestyret ber om at det vert innhenta tilbod frå KS Konsulent om ein KOSTRA- analyse der kommunen m.a. ynskjer å få fram kvar det er eit handlingsrom for innsparing.

Ordføraren får fullmakt til å underskrive kontrakten.

Kommunen skal søkje KS om OU- midlar til finansiering av analysen. Eventuelle kostnader utover dette skal dekkjast av kurs/opplæringsbudsjettet.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret ber om at det vert innhenta tilbod frå KS Konsulent om ein KOSTRA- analyse der kommunen m.a. ynskjer å få fram kvar det er eit handlingsrom for innsparing.

Ordføraren får fullmakt til å underskrive kontrakten.

Kommunen skal søkje KS om OU- midlar til finansiering av analysen. Eventuelle kostnader utover dette skal dekkjast av kurs/opplæringsbudsjettet.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Alternative modeller/metoder for omstillingsarbeid i Herøy kommune.

Saksopplysningar:

Formannskapet har kome med slik tilråding i pkt. 9 i sak om budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018:

«Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestenivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast. Ein plan for dette må snarast rådleggast fram for kommunestyret for handsaming. Fram til denne planen er godkjent innfører kommunestyret stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.

- a. Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.*
- b. Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlege budsjettendringar knytt til dette.»*

Administrasjonen har vore i kontakt med KS konsulent ved Håvard Moe om korleis ein slik gjennomgang kan gjennomførast. Håvard Moe skriv slik i e-post av 16. november 2014:

«Vedlagt følger en skisse på tre ulike modeller som dere kan velge å jobbe ut i fra. Dette er altså ikke et formelt tilbud, men mer beskrivelse av tre ulike verktøy/metoder dere kan benytte med et (relativt presist) prisoverslag fra KS-K. Verktøyet Kommunekompasset er det bare KS-K som kan levere (på vegne av KS)

Hvis det handler om å spare penger, så er min klare anbefaling at dere starter med en KOSTRA-analyse for så eventuelt å gå dypere inn i de tjenestene der behovet for omstilling er størst (her har vi mange andre verktøy/metoder avhengig av hva utfordringene er). Hvis det i tillegg også handler om organisasjonsarbeid/utvikling anbefaler jeg Kommunekompasset. Hvis dere ønsker referanser på disse to verktøyene så kontakt Einar Vik Arset i Ulstein (avsluttet høsten 2013) eller Andreas Christian Nørve i Vanylven (pågår nå).

Det er selvfølgelig også mulig å lage en kombinasjon av en KOSTRA-analyse med en organisasjonsevaluering (se Vågå-evaluering som sendes over i egen e-post)

Gi lyd når dere har sett på det og på hva dere ønsker eventuelt ønsker et konkret tilbud på.»

Dersom kostnaden overstig 100.000 kr må kommunen innhente tilbud frå fleire leverandørar.

Vurdering og konklusjon:

Dei større kompetansemiljøa i Noreg på omstilling/effektivisering i kommunal sektor er KS Konsulent og Agenda Kaupang. KS Konsulent har vore mest brukt i vårt område. Etter å ha sjekka referansar, vil eg rå til at vi innhentar formelt tilbud frå KS

Konsulent. I første omgang vil eg rå til at vi innhentar tilbod på ein KOSTRA-analyse. Eg legg til grunn at mesteparten av kostnaden vert finansiert av OU- midlar frå KS. Eventuelle kostnader utover dette vert å dekkje av kurs-/opplæringsbudsjettet.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Effektivisering av drift.

Konsekvensar for økonomi:

Effektivisering av drift.

Fosnavåg, 26.11.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Alternative modeller/metoder for omstillingsarbeid i Herøy kommune

KOSTRA-analyse

Pris: 58' (for rapport) + 18 125 pr dagssamling det legges opp til (honorar og reisekostnader til samlinger får kommunen dekket etter søknad til OU-fondet)

KS-K utvikler en KOSTRA-rapport. Rapporten vil ta for seg ressursbruk, prioritering og dekningsgrader i Herøy kommune på funksjonsnivå i KOSTRA (dvs sum barnehager) for alle funksjoner (dvs hele kommunen). Rapporten vil påpeke hvor kommunen bruker ressursen (*prioritering*), hva de får ut av det (*produktivitet*), og hvilke volum/resultat dette gir for brukerne (*dekningsgrad*), samt hvor Herøy avviker fra andre sammenlignbare kommuner på ressursbruk. Dette gjøres ved å velge ut 3 sammenligningskommuner og landet eks Oslo som referanse. Rapporten vil være på ca 120 sider, lettest, med mange diagrammer og omhandle hele den kommunale tjenesteproduksjonen.

På hver tjeneste beregnes Herøys handlingsrom hvis kommunen tilpasser seg utgiftsnivået for en/flere av sammenligningskommunene. Tilsvarende vil vi vurdere utnyttelsen av inntektpotensialet basert på innrapporterte satser og produktivitet. I KOSTRA-rapporten vil vi også påpeke hvor man bør rette fokus i Herøy med henblikk på å skape en bedre balanse i tjenesteproduksjonen. Hvis det er behov og ønske om det, kan også rapporten foreslå en profil på omstillings-/innsparingsbehovet.

En ting er å få en KOSTRA-analyse, men hva forteller den egentlig? For å kunne svare på dette må man kunne litt om; Hvordan fungerer inntektssystemet for kommunen? Hvorfor har Herøy akkurat så mye penger som de har? Hva kan vi påvirke og hva må vi bare tilpasse oss? Hva bruker kommunene pengene til? Hva får vi igjen? Hva prioriterer vi høyt og hva prioriterer vi lavt? Kvalitet vs Produktivitet, etc.

Gjennom samlinger alle ledere i kommunen (politiske, administrative, tillitsvalgte), gjennomgår vi disse temaene. Samlingene tar utgangspunkt i KOSTRA-rapporten og Herøys egne utfordringer, med siktemål på å utvikle forståelse, strategier og tiltak Herøy for å arbeide videre med å redusere ressursbruken.

Kommunekompasset

Pris: (71.500' (for rapport) + 18 125 pr dagssamling det legges opp til (honorar og reisekostnader til samlinger + 29' av kostander til rapport får kommunen dekket etter søknad til OU-fondet). Kommunekompasset er et lisensiert verktøy fra KS som bare KS-K kan levere

Økonomisk omstilling handler ikke bare om å redusere kostandene gjennom å øke *produktiviteten* (gjøre mer for mindre). Vel så viktig er det å vurdere *effektiviteten* (om man gjør de riktige tingene riktig). Skal man vite hvor man skal, må man vite hvor man er». Vi foreslår derfor en metodisk tilnærming ved hjelp av Kommunekompasset.

For enklest å forklare hvordan Kommunekompasset virker, kan man trekke paralleller til skolen. I skoleverket finnes det en *Læreplan* som sier noe om hva elevene bør kunne på de ulike trinnene. Det finnes altså en "idé" om hva som er det optimale kunnskapsnivået. Elevene får karakterer som beskriver hvor nærme dette idealet de er. På samme måte finnes det en "idé" om hva som er den "optimale kommune". Kommunekompasset vurderer hvor langt unna eller hvor nærme man er dette idealet.

Idealkommunen som beskrives av Kommunekompasset, er en kommune som jobber systematisk og planmessig, som vektlegger resultater og effektivitet, som er åpen og brukerorientert, som kontinuerlig evaluerer sine tiltak og resultater og som evner å lære av denne evalueringspraksisen. Med andre ord en effektiv, utviklingsorientert, lærende og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.

De nordiske arbeidsgiver- og interesseorganisasjonene (KS, SKL og KL) har gått sammen om å utvikle en nordisk modell som benyttes i alle tre land. Omkring 100 svenske, 6 danske og 60 norske kommuner har gjennomført en eller flere kompassmålinger. KS anbefaler sine medlemmer å benytte Kommunekompasset som utviklingsstøtteverktøy. Verktøyet er utviklet av professorene Harald Baldersheim (UiO) og Morten Øgård (UiA)

Kriteriene omfatter følgende deler av den kommunale forvaltningen:

1. Offentlighet og demokrati
2. Tilgjengelighet, innbygger og brukerorientering
3. Politisk styring og kontroll

4. Lederskap, ansvar og delegasjon
5. Serviceutvikling og effektivitet
6. Kommunen som arbeidsgiver
7. Utviklingsstrategi og lærende organisasjon
8. Kommunen som samfunnsutvikler

Under hver av disse 8 områdene er det 2-5 delområder med tilhørende spørsmål (totalt 177 spørsmål). På hvert av delområdene kan kommunen skåre inntil 100 poeng, til sammen 800 poeng. Hvor mange poeng man reelt oppnår avhenger av hvilke rutiner og verktøy kommunen benytter samt hvilke aktiviteter som gjennomføres og hvordan dette følges opp og etterleves. Poengtildelingen skjer på bakgrunn av intervjuer/samtaler med representanter for alle ledelsesnivåer i Herøy kommune gjennom en to-dagers prosess/ledersamling i kommunen hvor vi i dialog med kommune, kartlegger kommunens forvaltningspraksis.

Etter gjennomgangen av dokumenter og intervjuer utarbeider KS-K en rapport. Den endelige rapporten gir en samlet oversikt over kommunens styrke og svakhet innen for de forskjellige temaer. I rapporten gis dessuten konkrete forslag til forbedringer inspirert av andre kommuners praksis.

Helhetlig skreddersydd evaluering av den administrative og politiske organiseringen i Herøy kommune

Pris: 150-250'. Avhenger helt av omfang og innretning på evalueringen

KS-K kan gjøre en skreddersydd evaluering av organisasjonen Herøy kommune basert på de behov og ønsker Herøy kommune har. Innretningen på en slike evaluering vil kunne variere mye, alt fra en litt overordnet evaluering som tar utgangspunkt i intervjuer og dokumentstudier, (se vedlagte eksempel fra Vågå kommune), til de mer dyptgripende evalueringene med spørreundersøkelser økonomiske analyser (se vedlagte eksempel fra Kristiansund).



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/1028
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
233/14	Formannskapet	03.12.2014
168/14	Kommunestyret	17.12.2014

BUDSJETTENDRINGAR 2014 NR 2

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2014

Det vert gjort slike budsjettendringar:

1.
Konto 16400 (avg.pl. årsgeb.), ansvar 5131 (avløp) funksjon 353– opp kr 1.495.000,-
Konto 16500 (avg.pl. sal av varer/tenester, ansvar 5131, funksjon 353 – opp kr 165.000,-
Konto 15500 (avs. til bunde fond), ansvar 5131, funksjon 353 – opp kr 1.660.000,-
2.
Konto 14700 (overf. til andre), ansvar 1271 (IKT), funksjon 120 – opp kr 4.875.000,-
Konto 18101 (øyremerka tilsk), ansvar 1271, funksjon 120 - opp kr 4.875.000,-
(spesifikasjon – 12904 Høykom, Breiband).
3.
Konto 14700, ansvar 9015, funksjon 283 – opp kr 300.000,-
Konto 18101, ansvar 9015, funksjon 283 – opp kr 300.000,-
4.
Konto 14700, ansvar 3153, funksjon 241 – opp kr 135.000,-
Konto 18101, ansvar 3153, funksjon 241 – opp kr 135.000,-

5.

Konto 18101, ansvar 7011 (samhandlingsref), funksjon 256 – opp kr 1.025.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 50.000,-

Konto 13701 (bet. til legar), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 150.000,-

Konto 19500 (bruk av bunde fond), ansvar 7011 funksjon 256 – ned kr 280.000,-

Konto 15500 (avs til bunde fond), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 535.000,-

6.

Konto 18101, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 500.000,-

Konto 11100, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 150.000,-

Konto 15500, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 350.000,-

7.

Konto 19500 (bruk av bunde fond), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 600.000,-

Konto 11400 (annonser), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 100.000,-

Konto 12000 (inv og utstyr), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 200.000,-

Konto 12700 (konsulent), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 100.000,-

Konto 13700 (bet til andre), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 200.000,-

8.

Konto 18101, ansvar 3812 (barnefattigdom), funksjon 242 – opp kr 550.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 100.000,-

Konto 11208 (div utg), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 50.000,-

Konto 15500 (avsetj. Til bunde fond), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 400.000,-

9.

Konto 17500 (overf frå andre komm), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 150.000,-

Konto 18101, ansvar 2222 (Sjustjerna skule), funksjon 202 – opp kr 380.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 370.000,-

Konto 10900 (pensjon), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 75.000,-

Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 65.000,-

Konto 11600 (kurs), ansvar 2222, funksjon 202 opp kr 20.000,-

Tilråding frå rådmannen:

Det vert gjort slike budsjettendringar:

1.

Konto 16400 (avg.pl. årsgeb.), ansvar 5131 (avløp) funksjon 353– opp kr 1.495.000,-

Konto 16500 (avg.pl. sal av varer/tenester, ansvar 5131, funksjon 353 – opp kr 165.000,-

Konto 15500 (avs. til bunde fond), ansvar 5131, funksjon 353 – opp kr 1.660.000,-

2.

Konto 14700 (overf. til andre), ansvar 1271 (IKT), funksjon 120 – opp kr 4.875.000,-

Konto 18101 (øyremerka tilsk), ansvar 1271, funksjon 120 - opp kr 4.875.000,-
(spesifikasjon – 12904 Høykom, Breiband).

3.

Konto 14700, ansvar 9015, funksjon 283 – opp kr 300.000,-

Konto 18101, ansvar 9015, funksjon 283 – opp kr 300.000,-

4.

Konto 14700, ansvar 3153, funksjon 241 – opp kr 135.000,-

Konto 18101, ansvar 3153, funksjon 241 – opp kr 135.000,-

5.

Konto 18101, ansvar 7011 (samhandlingsref), funksjon 256 – opp kr 1.025.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 50.000,-

Konto 13701 (bet. til legar), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 150.000,-

Konto 19500 (bruk av bunde fond), ansvar 7011 funksjon 256 – ned kr 280.000,-

Konto 15500 (avs til bunde fond), ansvar 7011, funksjon 256 – opp kr 535.000,-

6.

Konto 18101, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 500.000,-

Konto 11100, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 150.000,-

Konto 15500, ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 350.000,-

7.

Konto 19500 (bruk av bunde fond), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 600.000,-

Konto 11400 (annonser), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 100.000,-

Konto 12000 (inv og utstyr), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 200.000,-

Konto 12700 (konsulent), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 100.000,-

Konto 13700 (bet til andre), ansvar 3131, funksjon 241 – opp kr 200.000,-

8.

Konto 18101, ansvar 3812 (barnefattigdom), funksjon 242 – opp kr 550.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 100.000,-

Konto 11208 (div utg), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 50.000,-

Konto 15500 (avsetj. Til bunde fond), ansvar 3812, funksjon 242 – opp kr 400.000,-

9.

Konto 17500 (overf frå andre komm), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 150.000,-

Konto 18101, ansvar 2222 (Sjustjerna skule), funksjon 202 – opp kr 380.000,-

Konto 10100 (lønn), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 370.000,-

Konto 10900 (pensjon), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 75.000,-

Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 2222, funksjon 202 – opp kr 65.000,-

Konto 11600 (kurs), ansvar 2222, funksjon 202 opp kr 20.000,-

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Rådmannens leiargruppe
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest Kontroll

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Herøy kommunestyre har tidlegare i år handsama ei sentral budsjettendringssak. For at vi skal få best mogeleg samspel mellom rekneskap og budsjett vel vi å prioritere ei budsjettendringssak der ein fokuserer på meirinntekter avdelingane har fått gjennom året. Sentrale punkt i denne saka er øyremerka statstilskott og avgifter/gebyr.

1. Anleggs- og driftsavdelinga

Anleggs- og driftsavdelinga har i 2014 krevd inn nær 1,5 mill meir i avgiftspliktig årsgebyr enn det ein har budsjettert med. I tillegg har avdelinga seldt avgiftspliktige varer og teneseter for i alt kr 165.000,-. I og med at avløpsområdet er ei sjølvfinansierande teneste vel vi i første omgang å styrke det bundne driftsfondet med desse meirinntektene.

2. Ikt avdelinga

Herøy kommune har i lang tid arbeidd med å få utbygd breibandnettet i kommunen. Til dette har kommunen fått såkalla Høykom midlar og Tussa har stått for utbygginga. I 2014 har kommunen fått utbetalt nær 5,0 mill i Høykom midlar og tilsvarande sum har gått med til å betale Tussa AS for dei utbyggingane som er gjort.

3. Husbanken

Herøy kommune har fått kr 300.000,- frå Husbanken som tilskottsmidlar. Desse midlane vert tildelt personar etter søknad i samband med huskjøp (kombinert med lån). Midlane er allereie betalt ut til dei som har fått tilskottsmidlane.

4. Helseavdelinga ved Ergoterapeuten har ansvar for hjelpemiddel ute i

heimane. I samband med ombygging av eit hus er det gitt eit øyremerka tilskott på kr 135.000,- til ei heis. Kommunen blir berre ein mellomstasjon då NAV betaler dette til Herøy kommune som igjen betaler det ut til tilskotsmottakaren når tiltaket er ferdigstilt.

5. Samhandlingsreforma

Herøy kommune har motteke kr 1.0250.000,- i øyremerka midlar knytt til kommunen sitt tilbod om «øyeblikkeleg hjelp» Kommunen har som kjent etablert 2 sengeplassar til dette føremålet ved Myrvåg omsorgssenter. Litt kostnadar har påløpt i 2014, men mykje av tilskotet må nok først over til bundne fond ved årsoppgjeret.

6. Helseavdelinga – legetenesta

Herøy kommune har fått kr 500.000,- til rekruttering av legar og til kjøp av utstyr knytt til legevakta. For 2014 er det blitt kjøpt inn ein del utstyr (bl.a. akuttposar), men det meste vil bli sett av til bunde fond, slik at ein får nytta det til legerekruttering i 2015.

7. Helseavdelinga – bruk av bunde fond
Helseavdelinga har inntektsført kr 600.000,- frå bunde fond til bl.a. legerekrutering og til betre utstyr på kommunen sine legesentra. Mykje av midlane går med til annonsering etc.
8. NAV (barnefattigdom)
Herøy kommune har motteke kr 550.000,- til prosjekt Barnefattigdom. Litt av midlane vert brukt i 2014 men det meste må nok avsetjast til bunde fond for bruk i 2015.
9. Skuleavdelinga (Interkommunalt prosjekt «Sjustjerna»
Herøy kommune har tatt over leiinga av sjustjerja skule i 2014. Dette gjeld eit samarbeidsprosjekt som ungdomstrinn i utvikling og midlane går til å løne utviklingsrettleiaren. Vi har fått nokre midlar overført frå tidlegare styringskommune og i tillegg har vi motteke eit øyremerka tilskott.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen spesielle

Konsekvensar for beredskap:

Ingen spesielle

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Ingen spesielle.

Fosnavåg, 16.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/546
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
234/14	Formannskapet	03.12.2014
169/14	Kommunestyret	17.12.2014

KOMMUNEDELPLAN TRAFIKKTRYGGING 2015-2018 - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2014

1. Herøy kommune vedtek at planperioden for kommunedelplan trafikktrygging vert endra til å gjelde frå 2015 - 2018.

2. Herøy kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §11-15 Kommunedelplan for trafikktrygging, slik den ligg føre.

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune vedtek at planperioden for kommunedelplan trafikktrygging vert endra til å gjelde frå 2015 - 2018.

2. Herøy kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §11-15 Kommunedelplan for trafikktrygging, slik den ligg føre.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

1. [Kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018](#)
2. [Innspel til offentlig ettersyn med behandling](#)

Uprenta vedlegg:

1. Alle innkomen innspel til offentlig ettersyn

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i møte 22.3.2012, K-sak 52/12, å starte opp arbeidet med Kommunedelplan (KDP) for trafikktrygging og samtidig legge forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i seks veker. Forslag til planprogram vart lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 30.3 – 11.5.2012, der Møre og Romsdal fylkeskommune fekk utsett høyringsfrist til 18.5.2012. Maritim og teknisk komité stadfesta i møte av 12.06.2012, MTK-sak 34/12 planprogram for KDP Trafikktrygging 2013-16.

Sist kommunedelplan for trafikktrygging vart vedteken i K- sak 109/08 og var gjeldande for perioden 2009- 2012. Det er difor naudsynt og gjere ei revidering av planen. Planområdet omfattar heile Herøy kommune.

Arbeidet med KDP Trafikktrygging 2013-16 har gått føre seg gjennom ei arbeidsgruppa beståande av både administrasjonen og politikarar. Rådmannens leiargruppe har vore referansegruppe i arbeidet. Planforslaget har vore presentert for denne gruppa ved tidlegare høve.

I forkant av offentlig ettersyn peika rådmannen på at det var viktig at det i planprosessen vidare blei lagt til rette for medverknad frå offentlegheita. Særskilt såg ein på medverknad frå representantar for barn- og unge i kommunen som viktig. Eksempelvis vil KFU (kommunalt foreldre utvalt) og barnehagane vere ein viktig medspelar i det vidare planarbeidet, då desse har særskilt kjennskap til element i høve trafikktrygging rundt skular og barnehagar. Ved offentlig ettersyn sende rådmannen informasjon om at til alle frivillige lag og organisasjonar som er registert om at kommunedelplanen var lagt ut offentlig ettersyn og at det var no høve til å kome med innspel.

I løpet av høyringsperioden valte ein også å nytte seg av sosiale media (Facebook)

som ein kanal for medverknad til planarbeidet. Ein vil framheve at dette vil denne metoden for medverknad gav, innanfor fastsette rammer, svært positive resultat i form av at det kom mange innspel til planforslaget. Ein ser absolutt at bruken av sosiale media i planarbeid kan vere noko positivt, og noko som kan nyttast som kanal for medverknad innanfor fastsette rammer.

Forslag til trafikktryggingsplan som no ligg føre inneheld to delrapportar; der den eine omfattar arbeidet med barnetrakkregistreringar 2012 (som er ei kartlegging av vegar, farlege og trygge skulevegar blant barn i skulen). Den andre rapporten omfattar ei evaluering av førre trafikktryggingsplan og det arbeidet som er gjennomført i førre planperiode. Denne evaluering bygger mellom anna på tilbakemeldingar og rapportering frå andre avdelingar i organisasjonen. Vidare går det fram av planforslaget korleis innspela til varsel om oppstart har vore vurdert, samt vurderingar i høve risiko- og sårbarheit (ROS).

Kommunen har ved offentleg ettersyn motteke 36 innspel til planforslaget. Dei mange og omfattande innspela har medført at ein har måtte bruke mykje tid til å gå gjennom alle innspela og vurdere desse opp mot planforslaget. Arbeidsgruppa for trafikktryggingsplanen har gjennomført møte i etterkant av høyringsperioden og saman behandla alle innspela som har kome. Behandling av desse innspela går fram av vedlegg nr 2.

Med bakgrunn i innspela som har kome ved offentleg ettersyn, har arbeidsgruppa sett behov for at det bør gjerast endringar i det forslaget til trafikktryggingsplan som låg ute til høyring. Den første endringa som ein meiner bør gjerast, er å endre planperioden til 2015-2018. Dette som ein konsekvens av at det har teke noko lenger tid å behandle trafikktryggingsplanen enn kva ein først såg føre seg. På denne måten får ein også noko lenger tid til å gjennomføre dei prioriterte tiltak. Det er føreset at planen skal takast opp til rullering etter at planperioden er ute.

Andre endringar som arbeidsgruppa meiner bør gjerast i plan er markert med raud tekst i vedlagt dokument. Kort oppsummert vil rådmannen peike på at det er gjort følgjande endringar:

1. Tiltak som er blitt fjerna frå trafikktryggingsplanen sitt handlingsprogram:
 - **Etablering av «SeeMee» blinkande lys langs FV654 på Bergsøya.** Dette tiltaket er fjerna frå handlingsprogrammet, då kommunen ikkje får løyve frå Statens Vegvesen til å etablere slike tiltak på fylkesvegane. Her har kommunen også mista tilskot for slike tiltak løyvd av Samferdselsdepartementet, fordi ein ikkje har fått løyve til å etablere desse tiltaka av Statens Vegvesen Region Midt.
 - **Etablering av fotgjengarfelt ved Einedalen skule.** Tiltaket er fjerna frå handlingsprogrammet, då dette er allereie etablert.
 - **Etablering av gang- og sykkelveg Torsethøgda – Kalveneset.** Tiltaket er også fjerna frå handlingsprogrammet, då Statens Vegvesen har starta utbygging av gang- og sykkelveg med busslommer, lys m.m på denne vegstrekningar.
2. Tiltak som er blitt endra / utvida i trafikktryggingsplanen sitt handlingsprogram:
 - **Skarabakken i Fosnavåg.** Her er den største endringa at tiltaket har fått endra status frå kommunalt til fylkeskommunalt, som følgje av ei høgare prioritering på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt investeringsprogram for fylkesvegar. I dette ligg det også at Statens Vegvesen har teke over ansvaret

for prosjektet og at Herøy kommune skal bistå vegvesenet på enkelte områder.

- **Busslomme ved fylkesvegen i Sævikane.** Tiltaket har blitt endra til å omfatte betre lys og skilting av kryssande mjuke trafikantar. Flytting av busslomme er teke opp med Statens Vegvesen og er ikkje aktuelt, då vegvesenet meiner at busslomma er lokalisert på den mest optimale staden i høve det totale trafikkbilete i området.
- **Fortau og overgangsfelt i Fosnavåg sentrum.** Her er tiltaket utvida til også omfatte flytting av fortau, der dette viser seg å vere aktuelt i framtida.
- **Busslomme langs FV654 ved «Verket» og Myklebust.** Tiltaket er her utvida til å gjelde ny gang tilkomst til busslomma i Verket langs sørsida av fylkesvegen. Vidare omfattar tiltak oppgradering av busslomme ved YX til å bli universelt utforma.
- **Innfartsveg til Fosnavåg og gangtunnel mellom Fosnavåg sentrum og Campus Fosnavåg.** Det er her teke inn Etablering av gangtunnel gjennom tverrfjellet som eit langsiktig tiltak i samband med ny innfartsveg til sentrum. Tiltaket vil ha stor effekt for trafikktrygging, men må planleggast gjennom reguleringsplanarbeid.

3. Tiltak som er blitt tatt inn i trafikktryggingssplanen sitt handlingsprogram:

- **Gangveg langs «Osen» til Leikanger skule.** Tiltaket gjeld planlegging og bygging av ny gangveg langs «Osen» frå fylkesvegen og fram til Leikanger skule. Rådmannen ser at dette kan vere eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, grunneigarar og frivillig sektor. Det må utarbeidast reguleringsplan for tiltaket.
- **Forbikøyringsfelt ved avkøyrsløp frå FV654 til Myrvåg alders- og sjukeheim.** Etablere forbikøyringsfelt langs FV654 ved avkøyrsløp mot Myrvåg alders- og sjukeheim. Oppnå betre flyt i trafikken. Unngå farlege trafikksituasjonar ved kø og bråstopp for bilar som skal krysse / køyre av vegen. Tiltaket må planleggast og det må søkjast fylkeskommunen om få etablert tiltaket på fylkesvegen.
- **Frøystadkrysset FV654.** Tiltaket gjeld oppsetting av stoppskilt, utviding av kryss i samsvar med reguleringsplan. Etablere dobbel sperrelinje i bakkane rundt krysset. Tiltaket treng ikkje planlegging. Krysset er regulert, men ikkje utbygd fullt ut etter plan. Kommunen må søkje Statens Vegvesen om etablering av tiltaket.

I tillegg til desse endringane har ein etter dialog med skuleavdelinga, valt å ta ut reglement for skuleskyss frå denne kommunedelplanen. Skuleavdelinga vil kome med ei eiga sak som omhandlar reglement for skuleskyss i Herøy kommune. Det må også framhevast at det er gjort mindre redaksjonelle endringar i teksten og presiseringar enkelte stader i plandokumenta.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at dei tiltaka som ein meiner bør prioriterast er lista opp i handlingsprogrammet til trafikktryggingssplanen. Arbeidsgruppa som har jobba med trafikktryggingssplanen har, etter ei konkret vurdering av kvart innkomne innspel, funne grunnlag for at det bør gjerast endringar i planforslaget slik det er nemnt i saksutgreiinga over. Rådmannen meiner at dei endringane som ligg i tilrådinga er alle viktige trafikktryggingstiltak i kommune.

I handlingsprogrammet har ein ikkje valt å setje opp noko prioritert rekkjefølgje for dei tiltaka som er nemnt. Grunngevinga for dette valet er å kunne gi dei ansvarlege avdelingane fleksibilitet og handlingsrom for å gjennomføre trafikktryggingsarbeidet i samanheng med prosjekt og planar i løpet av perioden 2015-2018.

Det må understrekast at ikkje alle av dei tiltaka som er foreslått prioritert, er noko som kan gjennomførast i løpet av planperioden. Dette gjeld i hovudsak dei større fysiske strakstiltaka og dei store langsiktige tiltaka som er lista opp i planforslaget. I tillegg kjem større planleggingstiltak som vil strekke seg over eit lengre tidsrom grunna omfang og kompleksitet som følgjer med i dei utfordringane som skal løysast. Eit anna viktig poeng som rådmannen meiner bør nemnast er dei trafikktryggingstiltaka som gjeld fylkesvegane.

Her må ein understreke at for at tiltaka skal kunne gjennomførast på fylkesvegane, er ein avhengig av løyve frå Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar og forvaltningsmynde. Nokre av dei større tiltaka er også avhengig av at dei blir prioritert inn i fylkeskommunen sitt investeringsprogram og at tiltaka kjem så høgt opp på prioriteringslista at det vert sett av økonomiske midlar til gjennomføring. Slike prioriteringar er avhengig av at Herøy kommune gjer politiske vedtak og sender tydelege signal til fylkeskommunen om kva tiltak ein vil skal prioriterast på fylkesvegane i åra framover. For at tiltak skal bli prioritert av regionalt nivå, så har ein fått signal om at desse må vere ferdig planlagt med reguleringsplan og vere ein del av kommunen sin vedtekne trafikktryggingsplan. Planleggingsarbeid og utarbeiding av reguleringsplanar blir difor ei viktig oppgåve for kommunen i tida framover. Planprosessane blir viktige demokratiske arenaer for involvering og deltaking frå både offentleg, privat og frivillig sektor. Den ferdige reguleringsplanen blir eit viktig grunnlag for å kunne gjennomføre prioriterte trafikktryggingstiltak.

Rådmannen vil avslutningsvis framheva at ein ser det som svært viktig at trafikktryggingsarbeidet er noko som opptek alle avdelingar i organisasjonen. Dette gjeld også fordeling av oppgåver i administrasjonen knytt til trafikktrygging. I Herøy kommunen er det utviklingsavdelinga som har ansvaret for alt av planleggingsarbeid knytt til trafikktrygging, medan anleggs- og driftsavdelinga har ansvaret for gjennomføring av fysiske tiltak og vidare driftsansvar. Rådmannen ser det som svært viktig at det frå politisk nivå vert sett av tilstrekkelege økonomiske midlar og ressursar til organisasjonen i åra framover, slik at ein kan følgje opp og gjennomføre dei trafikktryggingstiltaka som kommunen prioriterer i denne planen.

Konsekvensar for folkehelse:

Fysiske tiltak som bygging av nye gang- og sykkelvegane, oppføring av veglys og oppmerking av overgangsfelt vil auke kvaliteten på ferdselsårane til dei mjuke trafikantane og betre tryggleiken til desse i trafikken. Nye gang- og sykkelvegane vil også bidra til å legge til rette for meir fysisk aktivitet og gi større moglegheiter for transport i form av gåing eller sykling. Dette er vurdert til å vere **positivt** for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Realisering av nye tiltak i handlingsprogrammet inneberer ei kvalitetsheving av enkelte delar av kommunen sitt samferdselssystem. Eksempel her vil vere å utbetre vegstrekningar til å ha to fullverdige køyrebaner. Dette er vurdert til å betre framkomsten i trafikken og til å vere **positivt** i høve kommunal beredskap

Konsekvensar for drift:

Realisering av fysiske tiltak i handlingsprogrammet vil medføre nye kommunale anlegg som vil medføre auka driftskostnader for kommunen. Eksakte utgifter til drift

vil ein måtte kome attende til i det enkelte prosjektarbeidet med gjennomføring av kvart enkelt tiltak.

Konsekvensar for økonomi:

For at dei prioriterte tiltaka i planen skal kunne gjennomførast er ein avhengig at det blir sett av økonomiske midlar i kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid.

Fosnavåg, 13.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

**KOMMUNEDELPLAN
TRAFIKKTRYGGING 2015-2018**



HERØY KOMMUNE

Vedteken i kommunestyremøte xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx

November 2014



Innhald

1. Innleiing – bakgrunn.....	3
Vedtak og organisering av arbeidet	3
Arbeidsform, deltaking og medverknad	3
2. Evaluering av gjeldande trafikktryggingsplan 2009- 2012.	8
3. Ulykkessituasjonen i Møre og Romsdal og Herøy kommune	8
Trafikkmønster.....	8
4. Kva kostar trafikkulykkene?	9
5. Trafikkulukke og personskadeulukker i Herøy kommune	9
6. Trafikktryggingsarbeidet i kommunen.....	17
7. Oversikt over ynskte tiltak (innspel)	19
8. Visjon og mål for trafikktryggingsarbeidet i Herøy kommune.....	19
9. Mål for trafikktryggingsarbeidet i Herøy kommune	19
10. Satsingsområde.....	21
11. Verkemiddel i trafikktryggingsarbeidet	22
Ansvars- og kostnadsfordeling.....	22
12. Handlingsprogram.....	24
13. Trafikktryggingstiltak for menneske med nedsett funksjonsevne	35
14. Finansiering, oppfølging og rapportering	35
15. Nyttige lenkar	36
16. Vedlegg.....	36



1. Innleiing – bakgrunn

Stortinget vedtok i februar 1996 ein interpellasjon der dei bad regjeringa om å stimulere fleire kommunar til å utarbeide handlingsplanar for trafikktrygging. Frå og med år 2002 har ein slik plan vore ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av barn sin skuleveg på fylkesvegar og kommunale vegar. Herøy kommune nyttar Vegdirektoratet sin rettleiar (Handbok 209) som eit utgangspunkt for denne planen.

Vedtak og organisering av arbeidet

Den fyrste trafikktryggingsplanen til Herøy kommune blei vedtatt i kommunestyret i K-sak 121/02, 19.12.2002. Planen var gjeldande i perioden 2001-4. Då kommunedelplanen skal rullerast kvart 4. år vart planen rullert i 2008. Her blei ny trafikktryggingsplan vedteken (i K-sak 109/08), og omfatta perioden 2009-2012. Denne trafikktryggingsplanen skal gjelde for perioden 2013-2016.

Under arbeidet med denne trafikktryggingsplanen er det oppnemnd ei arbeidsgruppe beståande av følgjande representantar:

- Ein planleggar
- Ein representant frå Anleggs – og driftsavdelinga
- Barnerepresentanten
- Ein politisk representant

I forbindelse med denne trafikktryggingsplanen blei det gjennomført ei «*Barnetrakkregistrering*» i 2012. Her blei det undersøkt kvar barn og unge ferdast i trafikken og kvar dei føler det er trygt og utrygt. Både på veg til og frå skulen, til fritidsaktivitetar, leik m.m. Denne forma for kartlegging er å sjå på som ei utvida form for medverknad frå barn og unge i planlegging av trafikktryggingstiltak. I denne prosessen har spesielt borna blitt utfordra til å kome med sine innspel gjennom aktiv deltaking. Metodane som er blitt brukt er teikningar på kart og presentasjon av historier munnleg til kommunen. Resultatet av arbeidet er utforma som delrapport 1 til denne kommunedelplanen.

Arbeidsform, deltaking og medverknad

Vedtak om oppstart av rullering av trafikktryggingsplanen vart kunngjort tidlig vår 2012. Forslag til planprogram vart etter lova lagt ut for offentleg ettersyn/ høyring i 6 veker. Arbeidet har vore kunngjort i Vestlandsnytt 30. mars 2012. Det kom inn 4 innspel til trafikktryggingsplanen i løpet av denne perioden. Planprogram for arbeidet med KDP trafikktrygging blei stadfesta i Maritimt og teknisk komite, MTK-sak 34/12 i møtet 12.06.2012. Planprogrammet legg viktige føringar for planprosessen og det vidare arbeidet med ny trafikktryggingsplan.

Samfunnstryggleik (ROS):

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønska hendingar og konsekvensar av desse i høve samfunnstryggleik. Det er nytta sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i dette planarbeidet.



Konsekvensutgreiing(KU):

I samband med utarbeiding av kommunedelplan trafikktrygging ser ein ikkje at det utløyser krav om konsekvensutgreiing. Planen i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om KU etter Forskrift om konsekvensutgreiing § 2,3 og 4. Krav om konsekvensutgreiing tilknytt tiltak til m.a eksisterande veg, som i denne Trafikktryggingsplanen, fell kravet om KU bort. I tiltak der nye veglinjer vert diskutert og planlagd, vil krav om konsekvensutgreiing bli teke opp til vurdering. Planarbeidet vil vidare følgje reglane for handsaming og prosess for kommunedelplanar i plan- og bygningslova.

Sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet

Dette er sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet:

- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Fylkestrafikktryggingsutval – FTU
- Samferdsutvalet
- Fylkesmannen
- Statens vegvesen
- Politiet
- Kommunestyret og politiske utval
- Rådmannen
- Utviklingsavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Servicetorget
- Folkehelsekoordinator
Trygg Trafikk
- Oppvekst – barnehagar og skular



Barnehagane i Herøy er flinke til å nytte refleks (Foto: Herøy kommune).



Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar

Den einskilde innbyggjar står sentralt i arbeidet med trafikktrygging. Som trafikant spelar innbyggjarane ei viktig rolle i kva åtfærd som blir vist i trafikken, både som køyrande og gåande/syklande. Ved å overhalde trafikkreglar og viser respekt for andre trafikantar, gjer ein viktig innsats i å betre den generelle trafikktryggleiken i kommunen.

Næringslivet spelar også ei viktig rolle i arbeidet med å betre trafikktryggleiken, blant anna ved å gjennomføre fysiske tiltak på eigedomen, gjennomføre tiltak i høve åtfærd og haldningar på sin arbeidsplassar. Her kan fleire verksemdar oppmode sine tilsette om bruk av alternativ transport til/frå arbeidsplassen der dette er mogleg. På denne måten kan næringslivet stimulere til færre bilar i trafikken og samstundes legge til rette for at fleire av arbeidstakarane får betre folkehelse. Her er det viktig at verksemdar legg til rette forhold som gir rom for alternativ transport. Vidare kan den einskilde verksemd gjere fysiske tiltak på sine eigedomar som betrar trafikktryggleiken, då spesielt retta mot oppmerking av parkeringsareal, belysning, gode snutilhøve, skilting, inngjerding, og skilje areal for gåande/syklande og køyrande.

Lag og organisasjonar spelar også ei viktig rolle, då desse kan fremje tiltak i høve åtfærd og haldningar om «god trafikktryggleik» blant sine medlemmer. Dei organisasjonane som rår over fast eigedom, kan gjere tiltak på eigedomane som fremjar trafikktrygging i høve sine egne medlemmer og andre trafikantar.

Andre viktige aktørar

- Bilorganisasjonane
- Forsikringsbransjen
- Trafikkskulane
- Forsikringsinstitusjonane
- Transportnæringa
- Media
- Redningstenesta
- Spesielle interesseorganisasjonar

Sentrale planar og dokument

Nasjonal transportsplan(NTP)

Dette er ein strategisk plan for utvikling av den samla statlege infrastruktur for veg-, jernbane-, luft- og sjøtransport. NTP er eit viktig dokument i leddet for samarbeid mellom stat, fylke og kommunar i satsing på samferdsel. Regjeringa vil vidareføre nullvisjonen for trafikktryggleik, som inneberer at transportmidla og transportsystemet må formast på ein slik måte at dei fremmar riktig åtfærd, og i størst mogleg grad hindrar at menneskelege feilhandlingar får fatale konsekvensar. Vidare må trafikantane påverkast til ein sikker åtfærd.

Støtte til trafikktryggingstiltak vert brukt som eit aktivt verkemiddel for å betre trafikktryggleiken og er ei fylkeskommunal ordning.



Fylkesplanar og regionale planar

For fylkesvegnettet har fylkeskommunen ulike ordningar for tiltak, her under også trafikktryggingstiltak. For det «nye» fylkesvegnettet er det fullt ut eit fylkeskommunalt ansvar, når tiltak er kome inn på investeringsprogrammet kan kommunen søkje om å forskotere. Når det gjeld dei «gamle» fylkesvegane har ein to ordningar for deling av kostnadane med kommunen:

Mindre tiltak som gjeld forsterking og utbetring av fylkesveg (dvs, tiltak på vegområdet). Dette er investeringsmidlar, og det er i økonomiplanen for 2013-2016 satt av i underkant av 3 millionar i 2014 og 2015, i tillegg til om lag 4 mill, kr i 2013. Ordninga rettar seg mot kommunane. Statens vegvesen handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Samferdselsutvalet i.

Tiltak som gjeld trafikktryggingstiltak både på fylkesvegar og kommunale vegar (stort sett har dette vore bygging av gang- og sykkelveg langs («gamal») fylkesveg og ulike trafikksikringstiltak på kommuneveg). Dette er driftsmidlar, og det er i økonomiplanen for 2013-2016 satt av 10 millionar i 2013, 2014 og 2015. Ordninga rettar seg mot kommunane. Statens vegvesen handterer søknadsprosessen. Vedtaksmynde er Fylkestrafikktryggingutvalet for mindre tiltak og Samferdselsutvalet for større tiltak.

I tillegg har fylkeskommunen ei ordning for TS-tiltak i regi av frivillige lag, organisasjonar, FAU, skular osv. Dette er ei ordning som retter seg mot mindre tiltak, øvre grense for tilskot er 30 000 kroner. Dette er driftsmidlar, det er tidlegare år satt av 100 000 kroner. Søknadane vert handtert av fylkesadministrasjonen og vedtaksmynde er FTU. Fylkeskommunen delar også ut refleksar og refleksvestar til skular, barnehagar og liknande på førespurnad.

Kommunale planar

Trafikktryggingarbeidet er sektorovergripande, og må derfor samordnast med den øvrige kommunale planlegginga, t.d når det gjeld målsettingar. Det inneber også at tiltak som krev økonomiske ressursar frå kommunen si side må innarbeidast i årlege budsjett og økonomiplan.

Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/ stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?		
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågareliggende område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspennetliner?		
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspennmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintipping etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den April 2013 - ___ av sign: Aleksander Zahl Tarberg

**KOMMUNEDELPLAN
TRAFIKKTRYGGING
HERØY KOMMUNE 2013-2016**



PLANPROGRAM
Planprogram, sist revidert 24.5.2012



1. Planprogram

I samsvar med plan- og bygningslova § 5-1 skal dette planprogrammet vere eit verkty for å sikre tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utredningsbehov og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Eit planprogram skal gjere greie for formål, planprosess, medverknad, kva for alternativ som vert vurdert og behovet for utredningar. Forslaget til planprogram vert sendt ut for høyring og offentlig ettersyn samstundes med varsling av planoppstart. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 4-1.

Interesserte vert difor bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentlig ettersyn før det vert fastsett av maritim og teknisk komite. Etter at det endelege planprogrammet er vedteke skal arbeidet med kommunedelplanen for trafikktrygging fullførast.

2. Planarbeidets formål

Arbeidet med kommunedelplanen for trafikktrygging er ei revidering av tidlegare trafikktryggingsplan som vart vedteken i K-sak 109/08, denne trafikktryggingsplanen omfatta perioden 2009-2012. Det er såleis naudsynt å gjere ei revidering av denne planen.

Den reviderte Trafikktryggingsplanen som vil gjelde for perioden 2013- 2016 vil byggje på og dra meg seg viktige moment frå tidlegare Trafikktryggingsplan (2009-2012).

Sidan 2002 har ein kommunedelplan som Trafikktryggingsplanen vore ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak av born sin skuleveg på fylkesvegar og kommunale vegar. Ved søknad om støtte skal Trafikktryggingsplanen ligge ved.

I eksisterande trafikktryggingsplan for Herøy kommune gjekk fysisk sikring av barn- og unge sin skuleveg (til dømes utbygging av gang- og sykkelvegar), forbetre løysingar på spesielt ulykkesbelasta område og åtferdsendrande tiltak fram som dei viktigaste tiltaka for kommunen. Desse tiltaka vil framleis stå som viktige tiltak i arbeidet med revidering av trafikktryggingsplan.

Denne kommunedelplanen har mellom anna eit langsiktig mål om at det ikkje skal følast skremmande og utrygt å ferdast i trafikken, både for barn – og unge, menneske med nedsett funksjonsevne, eldre og elles andre mjuke trafikantar. Å ferdast i trafikken skal følast trygt. Det skal også vere trygt, oversikteleg og gode køyreforhald for bilistane.

Kommunedelplanen for trafikktrygging legg til grunn fylgjande langsiktige mål, i tillegg til målet nemnd ovanfor, og resultatmål/kortsiktig mål, desse byggjer som nemnd ovanfor på den gamle Trafikktryggingsplanen:



Langsiktige mål:

- Ingen har råd til å miste nokon i trafikken! "0- visjonen" er eit omgrep for dette. Visjonen står for at Herøy kommune ikkje skal ha nokon omkomne eller hardt skada i trafikken. Dette er ei overordna målsetting som ein må jobbe med for å nå. Ein må nå mange delmål før ein når denne målsetting.
- Herøy kommune har eit fokus på at alle skal føle seg trygge i trafikken. Dette er eit langsiktig mål då mange, store og relativt tidkrevjande endringar i trafikkbiletet må utarbeidast for å nå dette målet.

Resultatmål/ kortsiktige mål:

Etter den gamle Trafikktryggingssplanen var det stort fokus på å sykkel- og gangveggar, nedsetjing av fartsgrenser, fartshumpar, overgangsfelt/ under- og overgangar m.m. Såleis vil det kortsiktige målet for Trafikktryggingssplanen vere å trygge mjuke trafikantar i tråd med tiltaksplanen.

3. Rammer og føringar

Kommunedelplan trafikktrygging skal vere ein overordna plan for all trafikk og trafikktrygging i Herøy kommune. I planarbeidet og drifta vil det vere fokus på å oppfylje krav til medverknad frå barn og unge i plan- og bygningslova.

Plan- og bygningslova, spesielt retta mot barn- og unge, skal sikre eit heilskapeleg samfunn, vegar og trygge rammer for både dei unge og mjuke trafikantane i samfunnsbiletet. Kommunedelplan for trafikktrygging vil ta omsyn til dei momenta som er aktuelle i plan- og bygningslova.

Eksisterande planar:

- Trafikktryggingssplan 2009-2012

4. Planområde

Planen vil omhandle tilrettelegging for barn og unge i trafikken, menneske med nedsett funksjonsevne, samt eldre og mjuke trafikantar. Trafikktryggingssplanen skal betre villkåra for dei som ferdast i trafikken, til og frå skule, jobb og fritidsaktivitetar til barn – og unge. Såleis vil planområdet omfatte heile Herøy kommune, då med fokus retta spesielt mot skuleveggar og utrygge strekningar i samband med både skuleveggar og arealområde nytta til fritidsleik langs farlege, lite oversiktelege og utrygge vegar.

5. Planperiode

Kommunedelplanen vert utarbeidd for perioden 2013-2016. Det langsiktige målet i planen er nok uopnåeleg for ei slik avgrensa periode. Dette fordi ein alltid vil ha eit samfunn prega av eit trafikkbiletet i stor utvikling med stor trafikk og mange bilistar som ferdast på alle vegane i kommunen, alt frå riksveggar, fylkesveggar og kommuneveggar. Etter plan og bygningslova § 10-1, i arbeid med kommunal planstrategi, skal kommunestyret minst ein gong i løpet av kvar valperiode vurdere kommuneplanen samla, herunder om det er naudsynt å foreta endringar i planen.



Eit grundig forarbeid beståande av kartlegging og lokalisering av stiar, råser, akebakkar m.m. vil ligge føre for å kunne oppnå flest mogleg av dei kortsiktige måla i planen.

Tiltaksprogram skal rullerast kvart år og reviderast kvart 4. år.

6. Viktige utfordringar

Generelt:

Brukarinteresser knytt til turstiar, akebakkar, råser, leikeområde og andre områder der barn og unge ferdast vil verte kartlagde i prosessen.

Desse vert vurdert til dei viktigaste utfordringane i samband med planen:

- Kartlegge vegar, skulevegar, stiar, akebakkar, leikeområde m.m.
- Ta vare på alle råser barn og unge nyttar i fritida si.
- Omsyn til brukarinteresser i kommunen.
- Berekne kostnader.

7. Planlagde utgreiingar

Det vil verte gjort utgreiingar rundt aktuelle utfordringar og i samband med dette vil det bli lagt opp til utarbeiding av delrapportar. Desse vil vere med å danne eit grunnlag for utarbeiding av kommunedelplan trafikktrygging.

Delrapport 1: "Barnetrakk"

Etter innsamla informasjon frå utvalde klassetrinn på skulane rundt om i kommunen vert dei analysert og presentert. Registreringane og analysen vil bli presentert i form av mellom anna kart.

Delrapport 2: Status trafikktrygging i dag.

Ei skildring av dagens situasjon med omsyn til kartlegging av noverande vegar, sykkel – og gangvegar, overgangsfelt, ulukkesstatistikk m.m.

Ein tek høgde for at det kan kome til andre utgreiingar i arbeid med trafikktrygging i Herøy kommune.

8. Kommunedelplan trafikktrygging

Kommunedelplan trafikktrygging vil innehalde:

- Rammevilkår, status og målsettingar.
- Tiltak og handlingsprogram
- Delrapportar som vedlegg.

Kartvedlegg som omhandlar planlagde vegar og andre tiltak som vert utarbeidd i samband med kommunedelplanen, vil innehalde informasjon om området har registrerte kulturminne eller om det kan verte naudsynt med arkeologisk registrering før det kan vera aktuelt med tiltak.

Den nye planen skal erstatte noverande plan fult ut og innehalde alle relevante faktaopplysningar og eit godt gjennomarbeida kartgrunnlag, registreringar og gode tiltaksplanar for utvikling og sikring av trafikken.



Kommunedelplan for trafikktrygging vil vere gjenstand for høyring og politisk handsaming.

9. Samfunnstryggleik

Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS) i kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik.

Kommunen vil nytte fylkesmannen sitt skjema for ROS- analyse.

10. Konsekvensutgreiing

I samband med utarbeiding av kommunedelplan trafikktrygging ser ein ikkje at det utløyser krav om konsekvensutgreiing. Planen i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredning §§ 2,3 og 4.

Krav om konsekvensutgreiing tilknytt tiltak til m. a eksisterande veg, som i denne Trafikktryggingssplanen, fell kravet om konsekvensutgreiing bort. Tiltak der nye veglinjer vert diskutert og planlagd, vil krav om konsekvensutgreiing vurderast.

11. Organisering og medverknad

Utviklingsavdelinga vil vere ansvarleg for utarbeiding av planen og syte for at planprosessen er i tråd med plan og bygningslova sitt regelverk. Anlegg- og driftsavdelinga vil stå for det som skal gjennomførast i planen.

Under arbeidet med trafikktryggingssplanen vil det verte oppnemnd ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe. Arbeidsgruppa bli beståande av minst:

- Ein planleggar
- Ein representant frå anlegg- og driftsavdelinga
- Barnerepresentant
- Ein politisk representant

Rådmannens leiargruppe er referansegruppe i arbeidet med trafikktryggingssplanen.

Saman skal gruppa arbeide fram for å kartlegge og sette i fokus kva som skal vere førsteprioriteringar i handlingsprogrammet for planen 2013-2016.

Jf. plan- og bygningslova har kommunane eit særskild ansvar for medverknad frå dei yngste, der kommunen vil nytte seg av dei tidligare nemnde Barnetrakk registreringane og innspel frå barnerepresentant.

Det vert lagt opp til informasjon og moglegheiter for innspel til planprogrammet på fylgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn etter plan og bygningslova § 11-13. Det vert mogleg å kome med innspel til planarbeidet generelt. Alle merknader som kjem inn innan



utløpet av fristen vert teke med i kommunen si vurdering når planprogrammet skal fastsetjast. Innspel må komme i løpet av 6 veker frå planprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn.

- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentlig ettersyn etter plan og bygningslova § 11-14 med moglegheiter for å kome med innspel før politisk handsaming. Innkomne innspel vert vurdert av arbeidsgruppa fortløpande og kommentert i saksframlegg i samband med politisk handsaming.

12. Framdriftsprosess

TIDSROM	AKTIVITET
Mars – april 2012	Innleiande arbeid: - Oppstartsmøte, varsel om oppstart - Utarbeiding av planprogram
April – mai 2012	Høyring/ offentlig ettersyn av planprogram i min. 6 veker
Juni – juli 2012	Fastsette planprogram, utarbeide planutkast
August – september 2012	Høyring/ offentlig ettersyn i min. 6 veker
Oktober – november 2012	Utarbeide plan, vedtak politisk utval
November – desember 2012	Vedtak - KUNNGJERING

KOMMUNDELPLAN TRAFIKKTRYGGING 2015-18

VURDERINGAR AV INNSPEL TIL PLAN ETTER OFFENTLEG ETTERSYN (Tilråding frå arbeidsgruppa)

Plannamn	KDP Trafikktrygging 2015-18	Plankonsulent	Herøy kommune (Arbeidsgruppa)
PlanID.	1515-201270	Dato	November 2013
Saksnummer.	2012/546	Tal på innspel	36

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel	Vår vurdering
1. Leine Krins Gendalag, 27.10.2013	<p>Leine Krins grendalag vil framheve bygda sitt sterke behov for et busskur ved bedehuset på Leinane. Busskuret vil etter grendalaget sitt syn vere best plassert på nedsida av vegen der det er kommunal grunn. Dette vert grunngeve ut i frå omsyn til trafikktrygging. Skuleelevane nyttar i dag bedehuset for å komme i ly av vind og regn - men dette ligg på motsatt side av påstigning. Når skulebussen kjem må dei i mørket hurtig krysse vegen for å kome på rett side mtp påstigning. Det vil sikkerhetsmessig vere ein stor fordel om ein kan vente på bussen på same side som påstigning gjennomførast. Vedlagt skisse viser ønskelig plassering.</p>	<p><i>Ein er samd med Grendalaget at eit busskur i dette området er positivt i høve betring av trafikktryggleiken og tilhøva for dei som nyttar seg av kollektivtransport i området.</i></p> <p><i>Nytt busskur er, etter det ein kan sjå, allereie kome på plass og ein ser difor ikkje grunnlag for å gjere endringar i handlingsprogrammet i forhold til dette tiltaket.</i></p>
2. Torill Myren m/fleire, 28.10.2013	<p>Viser til barna sin kryssing av Nye vegen i Sævikane 70 meter utanfor tunnelopninga. Bilistane kjem frå mørke til lys, det er sving på vegen og 80-sone. Dette er sjølvsagt farleg, og vi må få barna til å krysse vegen lenger frå tunnelopninga.</p> <p>I samband med det vil vi peike på to ting i trafikkbyggingsplanen:</p>	<p><i>Saka har vore drøfta med Statens Vegvesen og busslomma er, etter deira vegnormalar, plassert på riktig plass. Med bakgrunn i dette finn ein ikkje grunnlag for å tilrå at busslomma skal flyttast.</i></p> <p><i>Det er blitt gjennomført endringar i handlingsprogrammet som gjer at ein vil søkje Statens Vegvesen om å få etablere skilt og betre lys i området. Innspelet blitt delvis tatt til følgje.</i></p>

	<p>1.I planen står det både «flytting av busslomma» og «vurdere flytting av busslomma». Vi meiner ordet «vurdere» må vekk.</p> <p>2.I samtalar både med kommunen og fylkeskommunen er det også skissert opp lys skilting/merking og avleiingsgjerde som tiltak for å trygge kryssinga av vegen. Med eit gjerde langs nedsida av vegen, vil ein tvinge barna til å krysse vegen lenger frå tunnelopninga. Det beste er truleg å flytte busslomma, men avleiingsgjerde, merking og skilting er mindre og billegare tiltak som kan gjerast endå raskare, og vi ber om at også det vert teke med i trafikktryggingplanen.</p>	
<p>3. Grethe Kobbenes Siglevik, 05.11.2013</p>	<p>Viser til at det bør kome gang- og sykkelsti mellom Djupvika og Myrvåg. Det vert vist til at denne strekninga blir meir og meir brukt, både av vaksne og barn. Siglevik viser til at vegen rundt Djupvikvatnet vert oppfatta som lang og skummel på kveldstid, utan gatelys.</p>	<p><i>Gang- og sykkelveg er vist i kommuneplan. Det er ikkje utarbeidd reguleringsplan for denne vegstrekninga.</i></p> <p><i>Manglande planavklaring har gjort at ein ikkje har valt å tilrå at dette tiltaket blir tatt med i handlingsprogrammet. Arbeidsgruppa viser til arbeidet med opplysing av turstien rundt Djupvikvatnet.</i></p>
<p>4. Thomas Voldsund, 05.11.2013</p>	<p>Viser til at strekninga mellom gamle Leine skule og Remøybrua bør absolutt gjerast noke med snarleg. Voldsund viser til at dei bur 5 meter frå vegen omtrent midt på strekninga og observerar dagleg ei stor mengde bilar som køyrer forbi, i ei hastigheit som er langt over den fastsette fartsgrensa på 50 km/h. Delar av strekninga er dessutan berre tilrettelagt for at ein bil skal kunne køyre der om gongen, samt at andre stadar er vegen sterkt innsnevra på grunn av mellom anna bygningar. Det blir vidare vist til at langs denne strekninga vert det stadig fleire barnefamiliar som etablerer seg og andre som nyttar vegen til alt ifrå trilleturar til sykling og trening.</p>	<p><i>Tiltaket er med i handlingsprogrammet og ligg inne på investeringsprogrammet til fylkeskommunen. Plansituasjon er avklart for denne delen av strekninga. Realisering av prosjektet er avhengig av politisk prioriteringar i tida som kjem.</i></p>

	Voldsund viser til at når det kjem bilar i kvar retning som held minst 80 km/t, vegen er smal, en nærmar seg ein sving og det byrjar å bli mørkt - så er einaste alternativet å kaste seg ut i grøfta for å ikkje bli påkjørt. Dette er dessutan ein veg som har stått på utarbeidingslista i over 30 år.	
5. Monica Haanes Waagan, 06.11.2013	Ynskjer at det vert etablert gang- og sykkelveg samanhengande frå Leikong til Stokksund.	<i>Slik arbeidsgruppa vurderer det, er der trygge ferdselsårar på denne strekninga. Unntaket er ei mindre strekning mellom Nykrem og Djupvik. Her har kommunen starta opp arbeidet med reguleringsplan for gang- og sykkelveg.</i>
6. Monica Kjelsli og Nick Kvalsund, 06.11.2013	Gjeld strekninga Nerlansøy bru - Kvalsvika og Nerlandsøy - Koperstad. Ho viser til at det er bra med satsing på busetting i kommunen , men ynskjer eit fokus på å heve standarden på gang- og sykkelveg og køyreveg i kommunen.	<i>Det blir arbeidd med å utarbeide planar for vegstrekningar med gang- og sykkelveg fleire stader i kommunen. Når det gjeld realisering av desse, så er det langs fylkesveg avhengig av at desse blir prioritert politisk på fylkesnivå og at det blir avsett økonomiske midlar til å gjennomføre prosjekta.</i>
7. Mariann Skorpen Berge, 06.11.2013	Ynskjer ei forbiøringslomme i krysset inn mot Flusundvegen. Viser til at ved å lage ei slik lomme, kan ein hindre påkøyrslar bakanfrå, og ein kan auke kapasiteten i krysset ved at folk kan passere til høgre.	<i>Dette tiltaket vert behandla gjennom ei eiga sak om reguleringsplan som er starta opp for FV654. Det må ført utarbeidast ein godkjent reguleringsplan før dette tiltaket kan realisertast.</i>
8. Kjetil Jøsok, 06.11.2013	Viser til behov for utbetring av vegen frå «Osen» (kryss mot Fylkesvegen?) og fram til Leikanger skule. Med aukande elevtal og mykje aktivitet på skulen og Grendahuset, så er ikkje dagens vegstandard tilfredstillande . Ynskjer at det anten skjer ei oppgradering av dagens veg eller bygging av ny veg ved elva og framover .Er nabo til vegen og ser mange «nesten-ulukker» kvar dag.	<i>Ein er samd med Jøsok m.fleire at vegen for elevar ved Leikanger skule er noko som må utbetrast. Av omsyn til dagens situasjon, ser ein det som mest berekraftig og framtidsretta at det blir lagt til rette for ein alternativ gangtilkomst til skulen langs elva frå «Osen» og oppover. Gangvegen må først planleggast med reguleringsplan for tiltaket. Det vil vere viktig at både skule, FAU ,folkehelsekoordinator, grunneigarar og andre blir involvert i eit samarbeidsprosjekt.</i> <i>Innspelet vert teke inn i handlingsprogrammet for ny trafikktryggingplan.</i>
9. Aina Både Hasund, 06.11.2013	Ynskjer å erstatte etablert gangfelt ved kyrkja på Leikong med eit tryggare og betre alternativ lokalisert ved krysset/avkøyringa frå Fylkesvegen mot Leikong og innover til butikken. Viser til at dette blir brukt av skuleborn dagleg.	<i>Arbeidsgruppa vurderer det slik at dette tiltaket ikkje kan prioriterast i handlingsprogrammet for denne planperioden. Herøy kommune vil likevel sende ei oppmoding til Statens Vegvesen om å sjå nærare på evt flytting av overgangsfelt ved kyrkja.</i>

	Ynskjer at det blir etablere ein trygg overgang frå gangvegen på Nykrem og ned til vegen mot Budaneset.	<i>Tiltaket er blitt drøfta med Statens Vegvesen Region Midt. Det er frå vegvesenet ikkje aktuelt å etablere noko gangfelt her på grunn av manglande kriterier og høg fart. For at det skal etablerast gangfelt må fartsgrensa vere maks 45 km/t og det må vere eit visst tal på kryssande mjuketraфикantar i timen.</i>
10. Anonymt innspel, 06.11.2013	Innspelet gjeld Toftestøvegen. Viser til strekninga frå krysset Kvithaugsmyra/Toftestøvegen til krysset Toftestøvegen/Nedre Sørlia er smal, utan tilstrekkelig belysing og det manglar fortau/gangfelt. I tillegg er det dårlig standard på vegen. Det er i alt ei trasig strekning for mjuke trafikantar og dei er det mange av. I tillegg til bebuarane nærast vert strekninga nytta av mange for å kome seg til Toftestøda/Klubben friområde. Fortau/gangfelt og meir belysning ville gjort det mykje sikrare å ferdast på denne strekninga.	<i>Maritim og teknisk komité gjorde vedtak den 23.09.2014 om at Kvithaugsmyrvegen og Toftestøvegen (ca 560 m) skal reasfalterast. Ein er samd i at denne vegen bør oppgraderast med tanke på forbetring av dekke.</i> <i>Det er i dag oppført gatelys på strekninga. Når det gjeld framtidige gatelys, så viser ein til punkt i handlingsdelen «mindre tiltak». Den ansvarleg avdeling må her kome med årlege prioritering av kvar det skal først opp nye / utbetrast gatelys.</i> <i>Når det gjeld fortau, så viser ein til at deler av Kvithaugsmyrvegen allereie i dag har ei løysing for gåande og syklande på deler av strekninga. Det er i gjeldande arealplanar (Myklebuståsen II) vist ei opprydding i trafikkmønsteret for Toftestøvegen, der den blir stengd for gjennomgangstrafikk ved anlegg av ny tilkomstveg til Vikane / Viketoppen med fleire. For resterande deler av Kvithaugsmyrvegen, der den møter Toftestøvegen i aust, er det i gjeldande arealplanar ikkje vist løysing for gåande og syklande på resterande delar av denne vegen. Denne vegstrekninga vert rekna som bustadvege, med ei fartsgrense på 30 km/t og der det i dag er etablert gatebelysning og fartsreducerande tiltak i form av fartsdumpar. Den låge fartsgrensa og eit avgrensa tal på bustader som soknar til vege, gjer at denne vegen må sjåast på som ein veg med blanda formål – dvs at det skal vere mogleg for at den skal kunne nyttast av både bilar og mjuketraфикantar samstundes.</i>
11. Britt Paulsen, 06.11.2013	Viser til Eggesbønes og stor trafikk pga bedrifter, blandt andre Marine Harvest, som har ca 70 trailarar kvar dag, ca 200 tilsette der flesteparten er arbeidsinnvandrarar og dei utfordringane det gir med ein "framand" trafikkkultur både for køyrande og gåande.	<i>Når det gjeld gatelys, så viser ein til punkt i handlingsdelen og behovet om sak knytt til årleg prioritering av kvar det skal utbetrast gatelys. Det er i dag etablert gatelys langs Eggesbøvegen, og ein viser til eige punkt i handlingsprogrammet knytt til spørsmål om utbetring av lys.</i>

	<p>Etter at det kom sone med 30 km/t og fartsdumpar har det vorte store forbetringar i trafikktrygginga.</p> <p>Det er svært mange fotgjengarar på strekninga Marine Harvest - Kiwi, og desse brukar svært skjeldan refleks. Paulsen viser til at det her er veldig dårleg opplyst og her manglar også gangveg. I tillegg er det svært mange eldre som går her, med og utan rullator/rullestol. Paulsen meiner det bør kome både gangveg og meir gatelys på denne strekninga.</p> <p>Gatelysa på Eggesbønes er også mykje sløkte, dette er vel noko som kan takast opp med dei som driftar dei? Paulsen ynskjer at dei gatelysa som finst må lyse, det må setjast opp fleire lys i strekninga frå krysset til Grønhaugen og opp til Kiwi. Her bør det også kome ein gangveg.</p> <p>Reglane om klipping av hekkar kan også handhevast betre - ta dykk gjerne ei runde i byggefelta med klippemaskina!</p>	<p><i>Gangveg frå krysset mot Grønhaugevegen og i retning Kiwi er vist i gjeldande arealplanar for området. Rådmannen har tidlegare, overfor private utbyggingsprosjekt i området, stilt krav om at utbygging av fortau skal skje i samband med bygging av nye forretningar på Eggesbønes. Ein føreset difor at Eggesbøvegen blir utbeta i samband med den private utbygginga i området.</i></p> <p><i>Punktet som gjeld klipping av hekkar vert teke til vitande. I utgangspunktet er det private (kvar enkelt tomteeigar) sitt ansvar å halde desse i slik stand at dei ikkje utgjør fare for trafikktryggleiken i eit område. Kommunen har ved tidlegare høve nytta sitt mynde etter veglova til å klippe ned hekkar som ikkje har vore haldne i hevd. Dette vil bli vurdert ved framtidige høver, dersom ein kjem over hekkar som utgjør fare for trafikktryggleiken i eit område.</i></p>
<p>12. Gunlaug Kleppe, 06.11.2013</p>	<p>Kleppe viser til at for nokre år tilbake i tid, då det var store diskusjonar rundt skulestrukturen i Herøy, satt ho i ei gruppe som kjempa for å bevare Leikanger skule. Ho viser til at dei leverte inn ei grunngjeving for kvifor skulen på Leikong må bestå. Her laga vi og ei skisse over mogelege løysingar på veg for dei mjuke trafikantane. Dette var å "legge lok" på elva som går frå Osen og heilt opp til skulen. Då slepp ein det problemet, som ein antek vil kome, nemleg at ein røyrrer ved dyrka mark. Klepp sitt forslag er å legge elva i røyr, gruse oppå og asfaltere. Då får ein borna vekk frå den smale vegen, og ingenting av dyrkamarka går vekk. Utviding av den eksisterande vegen vert vel vanskeleg å få til pga at husa/hagane står so tett på dagens veg.</p>	<p>Sjå kommentar til punkt 8.</p>

<p>13. Jan Nilsen, 07.11.2013</p>	<p>Nilsen viser til at det i ein plan som kom for omtrent 10 år sidan, så skulle enden av Vatnevegen stengast for biltrafikk. Han viser til at det er eit sterkt ønskje frå oss som bur langs vegen frå hovudvegen og ned til Grønmyr Barnehage at der vert stengt for ålmenn ferdsel. Nilsen hevdar at det i alle år har vore uaktsom køyring der. Blant anna mykje tungtrafikk i ei årrekke. Når skal kommunen stenge vegen der?</p>	<p><i>Opprydding og utbetring av trafikkforholda på Myklebust er eit tiltak som ligg inne i handlingsprogrammet, under punktet fysiske strakstiltak, i det planforslaget som har vore ute på høyring. Stenging av vegen her er i tråd med gjeldande plansituasjon for området.</i></p> <p><i>Anleggs- og driftsavdelinga vil setje opp bom og stenge vegen.</i></p>
<p>14. Grete Siglevik 04.11.2013</p>	<p>Viser til at innspelet gjeld Djupvika. Borna må krysse FV 61 ved «Kjeldsundkrysset». Her er det rett strekning med 80 km/t fartsgrense! Ikkje er der gangsti og ikkje fotgjengarfelt. Her må noko gjerast før ei ulykke skjer! Siglevik viser til at små barn som må gå av bussen på feil side, og at dette er ein fryktelig dårlig kombinasjon. Det er ikkje bære borna dette er farlig for. Det er ei rett strekning der bilane nytta høvet til å drive forbikjøring. Den reelle farta er nok sjeldan 80 km/t eller under.</p>	<p><i>Etablering av tiltaket manglar avklaring i forhold til planlegging. Tiltaket er heller ikkje inne på prioriteringslistene til Møre og Romsdal fylkeskommune for framtidige tiltak langs fylkesvegnettet.</i></p> <p><i>Tiltaket vert ikkje prioritert i denne planperioden og vert soleis ikkje teke inn i handlingsprogrammet.</i></p>
<p>15. Rita Smådal Andreassen, 08.11.2013</p>	<p>Innspelet om trygging av skulevegen på Bergsøya. Viser til at den trafikken som er der på morgonen er uhaldbar. Ho meiner at stenging av veg i den tid skulen startar, kanskje kan vere eit forslag.</p>	<p><i>Slik arbeidsgruppa ser det er det mest trafikksikre at borna går og sykklar til skulen. Trafikktrygginga her meiner ein må sjåast i samanheng med pågåande eigedomssak om ny Bergsøy skule. Trafikksystemet rundt skuleområdet vil, slik ein ser det, vere ein naturleg del av denne utbyggingssaka. Ein viser elles til at det i dette området er regulert vegsystem, som pr i dag ikkje er realisert.</i></p>
<p>16. Anders Sævik Monsen, 08.11.2013</p>	<p>Ynskjer at det vert slutt på vegsaltinga. Meiner det er ei falsk trygghet og at det slit meir på vegane (som i utgangspunktet ikkje er alt for bra) og det slit ekstremt på bilparken.</p>	<p><i>Må takast opp i nasjonal samanheng og er ikkje noko som kommunen har mynde til å bestemme sjølv.</i></p> <p><i>Tiltaket vert ikkje teke inn i plan.</i></p>
<p>17. Anita Hjelmeset, 08.11.2013</p>	<p>Meiner at tiltak bør vurderast i Frøystadkrysset. Viser til at ho bur tett inn til krysset og ser mykje rart som skjer der og dagleg ser ho nesten-ulukker. Ho viser til at fart er eit stort problem, og det kan virke som det er svært vanskeleg for mange å halde fartsgrensa. Fartsproblematikken er nok størst for dei som køyrer Fosnavåg- Torvik, Torvik -Fosnavåg.</p>	<p><i>Her viser til at kommunestyret i Herøy har bestemt at ny framtidig fylkesveg skal gå frå «Koppen» via Skinneseet med bru over til Mjølstadneset. Tiltaket ligg inne i gjeldande kommuneplan, og er vidareført i forslag til ny kommuneplan. Ein føreset at ei omlegging av fylkesvegen via Skinneseet, vil «lempe» på trafikken gjennom Frøystadkrysset. Etter det ein kjenner til er det ikkje sett i gong detaljplanlegging av denne vegstrekninga. Med bakgrunn i den veglinja som bestemt av kommunestyret, kan ein ikkje sjå at det skal vere grunnlag for å planlegge og etablere ny rundkøyring i Frøystadkrysset.</i></p>

	<p>Viser til at ho har hatt to bilar som begge kom frå retning indre Herøy inn i hagen og den tredje vart stoppa av autovernet. Ho viser til at problemet er tilstades til alle døgnets tider og alle vekedagar.</p> <p>Næraste nabo er ein barnehage og det bur fleire småbarnsfamiliar i området. Ho viser til at dei sit ofte med hjertet i halsen og at det beste forslaget (som sikkert også er kostbart) er at krysset blir omgjort til ei rundkøyring.</p> <p>Eit anna litt mindre kostbart forslag som truleg også vil ha effekt er å få opp STOPP skilt i krysset. Ho håper bekymringa blir teke på alvor.</p>	<p><i>Herøy kommune har starta opp arbeidet med reguleringsplan for strekninga Frøystadkrysset – Torvik, med mål om etablering av ny gang- og sykkelveg. Starten på planleggingsarbeidet vil her ta utgangspunkt i Frøystadkrysset og trafikksituasjonen rundt</i></p> <p><i>Når det gjeld spørsmål om å overhalde trafikkreglane i krysset, så vurderer ein dette som ei rein politisak og ikkje noko som kommunen kan handheve.</i></p> <p><i>Nytt tiltak blir teke inn i handlingsprogrammet; stoppskilt i Frøystadkrysset, utbetring av kryss og dobbel sperrelinje i bakkane rundt krysset.</i></p>
<p>18. FAU Moltu skule 14.11.2013</p>	<p>Ynskjer å søke om å få etablert overgangsfelt utanfor Moltu skule. Dette pga mykje trafikk. Viser til at det blei gjort ei teljing av bilar utanfor skulen i samband med skulestart i år. Det passerte då rett i underkant av 100 biler i løpet av den timen då dei fleste av elevane går til skolen (i tidsromet 07.45-08.45). FAU viser til at det også er ein uoversiktleg sving rett før skulen. Det blir vidare vist til eit sterkt ynskje frå FAU om at foreldre som køyrer borna skal sleppe dei av på butikken. Dei fleste som køyrer borna i dag, slepp desse av rett utanfor skulen. Det blir vist til at dette skaper eit veldig «trykk» ved bringing/henting, noko som også fører til at det er veldig uoversiktleg og det blir skapt farlige situasjonar for barna.</p>	<p><i>Det pågår i dag arbeid med å etablere eit tilrettelagt kryssingspunkt ved Moltu skule. Etter ei vurdering frå Statens Vegvesen (fagmynde for fylkesveg) er det ikkje grunnlag for å etablere eit oppmerka fotgjengarfelt ved Moltu skule. Det er gjennomført måling av farta forbi skulen i samband med dette arbeidet. Målingane viser her.</i></p> <p><i>Utbetring av svingen før skulen er noko som det må takast stilling til i eit evt framtidig planarbeid for resterande del av FV10 gjennom Moltustranda. Eit slikt planarbeid er ikkje prioritert av Statens Vegvesen eller Herøy kommune pr i dag.</i></p> <p><i>Slik arbeidsgruppa ser det er det mest trafikksikre at borna går og sykklar til skulen. Av- og påstigning av skuleelevar ved Coop butikken er noko som FAU sjølv kan organisere og ikkje noko som krev særskilt løyve frå kommunen. Ein vurderer dette som eit positivt tiltak i høve trafikkbilete ved skuleområdet.</i></p>
<p>19. Elevrådet v/Leikanger skule (Andrine Leikanger og Maja Vattøy) 19.11.2013</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gangfelt og veg frå Osen til skulen. 2. Gangfelt i Leikongbakken + gatelys. 3. Lys og gangfelt frå butikken på vegen nedom kyrkjegarden. 4. Gatelys på Rinden. 5. Veg oppom Åsen. 	<p><i>Pkt 1: Ein viser til kommentarar til innspel nr 8.</i></p> <p><i>Pkt 2: Dette tiltaket ligg inne på investeringsprogrammet til Møre og Romsdal fylkeskommune. Tiltaket må først planleggast og det må lagast ein reguleringsplan. Ein føreset at dette er eit prosjekt som blir gjennomført i regi av Statens Vegvesen som fagmynde for fylkesvegar.</i></p> <p><i>Pkt 3: Arbeidsgruppa vil ikkje prioritere dette tiltaket i denne planperioden.</i></p>

	<p>6.Overgang med kyrkja eller ved Leikongkrysset</p> <p>Det viktigaste er å få trygg skuleveg i frå Osen til skulen.</p>	<p><i>Pkt 4: Veglys ligg inne i handlingsprogrammet under «mindre tiltak». Innspel må sendast til Anleggs- og driftsavdelinga sine årlege prioriteringar for oppsetting av nye veglys.</i></p> <p><i>Pkt 5: Maritim og teknisk komite har bedt om eiga sak for utbetring av vegen her. Pågåande sak hjå Anleggs- og driftsavdelinga.</i></p> <p><i>Pkt 6: Arbeidsgruppa vil spele dette over til Statens Vegvesen.</i></p>
<p>20. Frank Otto Kvalsvik 21.11.2013</p>	<p>Kvalsvik viser til at som bebuar på Eggesbønes opplever han, naboar og andre som køyrer her; farlege situasjonar på vegen frå Kiwi og austover mot Eggesbønes. Her er det nokre hundre meter forbi helsesenteret og "Rema-tomta" der vegen er smal, utan fortau, med mange avkøyrslar og i lange periodar har vegstrekninga også vore utan lys. Her går det mykje folk langs vegen, på veg til/frå Marine Harvest, til helsesenter eller til butikk, nær sagt heile døgnet. Ofte er desse personane utan refleks. Det er tildels relativt stor trafikk i området med tungtransport, bussrute og stadig fleire innbyggjarar i området. Kvalsvik viser til at dei som bur i området fryktar at det ein dag vert påkøyrslar på denne vegstrekninga, heldigvis har det gått bra så langt. Lat oss håpe det går bra til ein får på plass ein gangveg denne korte og skumle strekninga.</p>	<p><i>Ein viser til kommentar til innspel nr 11.</i></p>
<p>21. Samarbeidsutvalet ved Leikanger skule 25.11.2013</p>	<p>Samarbeidsutvalet viser til at det frå «Osen» og opp til skulen har elevane, foreldre og andre som køyrer der ei stor utfordring kvar dag. Vegen er smal, slik at når ungane går og sykklar til skulen, har vi alle eit stort ansvar for at det skal gå bra. Der er ikkje plass til møtande trafikk og mjuke trafikantar vert pressa heilt ut av vegbana i møte med bilar. Det er stor trafikk i samband med skulestart/sluttbarnehagestart. Dette må settast på dagsorden slik at det vert laga gangveg og utbeta veg opp til skulen. Ungane fortener ein trygg skuleveg.</p>	<p><i>Viser til kommentarar til innspel nr 8.</i></p>

	<p>Samarbeidsutvalet viser til elevrådet ved Leikanger skule sitt innspel om kvar dei meiner er farleg skuleveg på Leikong.</p> <p>Det blir vist til at det på Leikanger skule har vore stor elevtalsauke og at dette stig for kvart år. Neste år starter 13 nye fyrsteklassingar og 7 elevar går ut. Det er pr i dag 72 elever og ca 14 tilsette ved skulen. Barnehagen har også utvida med fleire plasser og er 30 barn per i dag + tilsette. Frå kl 08.00-08.50 er det ganske mykje trafikk opp og ned frå skulen / barnehagen. Samarbeidsutvalet viser til at dei ikkje har nokon å miste, så vi håper at saka vil bli satt høgt på prioriteringsplanen for trafikktrygging 2013-2016!</p>	
22. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 25.11.2013	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne peika i møtet i dag på at det er viktig at lys og stigningsforhold vert teke omsyn til ved bygging av gang- og sykkelveg.	<p><i>Innspelet frå rådet vert teke til vitande.</i></p> <p><i>I reguleringsplanar for nye gang- og sykkelveg blir det teke inn føresegner om universell utforming og det blir lagt inn føresegner slik at det skal vere mogleg å føre opp veglys i tilknytning til desse prosjekta.</i></p>
23. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 25.11.2013	<p>Fylkesmannen er nøgd med at kommunen har lagt stor vekt på god trafikktryggleik for born og unge og trygg skuleveg. Barn og unge har blitt aktivt involvert i prosessen og det er nytta barnetrakk til kartlegge både trygge område og risikoområde i nærmiljøet.</p> <p>Gode lystilhøve vil gjere tilhøva på gangveggar betre å ferdast på. Utskifting av eldre og dårlege gatelys bør inngå som ein av dei kortsiktige tiltaka med mål og ansvar. Det vil gi kommunen betre oversikt over dagens situasjon og behov på eksisterande gangveggar.</p> <p>Etter vedtak av planen bør det drøftast med dei ansvarlige etatar/avdelingar korleis handlingsplanen skal følgjast opp og gjennomførast. Ansvar for iverksetting av dei ulike tiltaka bør i størst mogleg grad personifiserast.</p>	<p><i>Ein tek denne delen av innspelet til vitande.</i></p> <p><i>Utskifting av eldre og dårleg gatelys inngår i handlingsprogrammet som «mindre tiltak». Det er føreset ei sak om årleg prioritering. Ansvar for dette ligg til Anleggs- og driftsavdelinga.</i></p> <p><i>Når det gjeld vidare oppfølging har ein utvida tekstdelen for å gjere den meir tydeleg i høve ansvaret for gjennomføring av tiltaket i plan. Ein vonar at det blir sett av tilstrekkeleg med årlege midlar til gjennomføring av prioriterte tiltak.</i></p>

	<p>Det er viktig at prioriterte tiltak blir innarbeidd i kommunens investeringsbudsjett.</p> <p>I samband med dette bør det vere ei rapportering om status knytt til det årlege budsjettarbeidet.</p> <p>Fylkesmannen har elles ingen vesentlege merknader til prioriteringane som er gjort i planframlegget.</p>	<p><i>Ein må likevel understreke at arbeidet med trafikktryggingstiltak er noko som skjer kontinuerleg, der noko kan løysast på kort sikt og der noko av arbeidet må løysast på lengre sikt.</i></p>
<p>24. FAU Leikanger skule 27.11.2013</p>	<p>Viser til at det er prioritert gangvei langs hovudvegen frå eksisterande gangveg på Nykrem til gamlevegen rundt Djupvika. FAU stiller seg bak forslaget, då dette kan bli eit godt tilbod til mange.</p> <p>FAU viser til at det blir vektlagt at dette er skuleveg og at det derfor bør prioriterast over andre prosjekt.</p> <p>FAU minner om at slik Herøy kommune i dag har inndelt skuledistrikta sine, er ikkje denne strekninga skuleveg for nokon. Bebruarane på Nykrem høyrer til Leikanger Skule og bebruarane i Djupvika høyrer til Stokksund Skule. FAU meiner at den manglande biten med gangveg utgjer ikkje del av nokon skuleveg.</p> <p>Etter innspel frå foreldre og barn ved Leikanger skule, peikar FAU på følgjande punkt:</p> <p>Fjerne fotgjengarfeltet til FV 61 ved Leikanger kyrkje.</p> <p>FAU meiner dette har ei horribel plassering i forhold til Leikongbakken med den bratte stigninga denne vegen har. FAU prøver å lære barna våre at feltet aldri må reknast som et fotgjengarfelt, men heller som ein umerket overgang. FAU viser til at det vinterstid er umogleg for alle typer kjøretøy å stanse i tide ved dette overgangsfeltet, og at førarar av tyngre kjøretøy har dette problemet heile året.</p> <p>Det er eit ynskje at feltet blir fjerna snarast råd.</p> <p>FAU ynskjer nytt fotgjengarfelt over FV 61 og tilhøyrande gangveg. Ynskjer seg eit nytt fotgjengarfelt i god avstand til stigninga i Leikongbakken og ein tilhøyrande gangveg frå krysset FV 61 og FV 15 til den eksisterande</p>	<p><i>Planlegging av ny gang- og sykkelveg for strekninga Nykrem – Djupvik er eit planleggingstiltak som allereie er inne i Formannskapet sine prioriteringar av plansaker for inneverande år. Planleggingsarbeidet starta opp i 2013, og ein arbeider no med fremjing av planforslag til offentleg ettersyn. Ein vurderer tiltaket som viktig i høve trafikktryggleik og ferdsel for mjuke trafikantar langs FV61, då ein ny gang- og sykkelveg her vil vere eit ledd i arbeidet med å binde saman dei to bygdene Leikong og Myrvåg, samt vere viktig for gjennomgangstrafikken for mjuketrafikantar langs fylkesvegen.</i></p> <p><i>Arbeidsgruppa vil spele dette over til Statens Vegvesen.</i></p>

	<p>gangvegen ved butikken.</p> <p>FAU viser til at barn busett ved denne strekninga «Leikongbakken» har store utfordringar både knytt til skuleveg og på fritida. Det blir vist til at gamlevegen fungerer godt som gangveg, men at det er umerka, uoversiktleg og farleg overgang der riksvegen kryssar gamlevegen. Frå gamlevegen og vidare oppover Leikongbakken har ikkje borna noko alternativ til trygg ferdsel. Her meiner FAU at dei må gå langs hovudvegen, noko dei meiner ikkje er eit alternativ for dei aller fleste, korkje for born eller vaksne.</p> <p>FAU peikar på manglande gangveg frå FV 15 til Leikanger Skule (Osen). Ber om at alternativ til ferdsel blir vurdert. Eit alternativ som gjentekne gonger blir foreslått er mulig gangvei direkte frå Raudvika og opp til skuleområdet.</p> <p>FAU ynskjer også reglane for skuleskyss revurdert: Strekninga «Leikongbakken» vert vurdert som så farleg, med bakgrunn i fartsgrense, smal veiskulder, veiens stigning og siktforhold, at dei ynskjer fri skuleskyss for alle barn til og med sjuande klassetrinn. Vidare ynskjer dei moglegheit for skuleskyss for barn utan definert rett. FAU viser til at skuleskyssen på Leikong ikkje er eit rutetilbod og er i utgangspunktet kun tilgjengeleg for born med definert rett. FAU hevdar at det er mange barn som har behov for skuleskyss, då Leikong er ei langstrakt bygd med lange avstander og smale og til dels dårlege vegar.</p> <p>Trass i manglande definisjon er det mange som opplever sin skuleveg som så utrygg at borna ikkje kan ferdast åleine. FAU ynskjer ei lemping på dagens føringar og vil ha fast skulerute frå indre og ytre del av bygda og ei betre betalingsordning enn i</p>	<p><i>Dette tiltaket blir teke inn i plan.</i></p> <p><i>Skulekontoret vil fremje ei eiga sak om reglement for skuleskyss i Herøy kommune. Dette gjer at punktet om skuleskyss går ut av kommunedelplanen for trafikktrygging.</i></p>
--	---	--

	<p>dag. Dei fleste foreldre ynskjer at barna går til skulen, men det skal små værutfordringar til før skulevegen blir for utrygg for ferdsel. FAU hevdar at dette aukar trafikkbelastninga på ei allereie farleg strekning fram til skuleområdet.</p>	
<p>25. Gurskøy I.L 26.11.2013</p>	<p>Viser til ein flott lysløype på Leikong. Ynskjer ein trygg måte å ferdast dit på. Gangvegen frå Gamlevegen sluttar på toppen av Leikongbakken og ein må nytte hovudvegen med barnevogn fram til løypa. Mykje trafikk og 80 sone. Ynskjer gangveg frå gramlevegen og fram til lysløypa, eller få sett ned fartsgrensa fram til Sætrekroa.</p>	<p><i>Ny gang- og sykkelveg langs Leikongbakken ligg inne på investeringsprogrammet til Møre og Romsdal fylkeskommune. Tiltaket må først ha ein godkjent reguleringsplan. Ein føreset at dette er eit prosjekt som blir gjennomført i regi av Statens Vegvesen.</i></p>
<p>26. Henriette Remøy 27.11.2013</p>	<p>Ynskjer: Pkt 1: Gangfelt frå Igesund til Fosnavåg. Pkt 2: Betre lys ved gangfelt toppen av Skarabakken Pkt 3: Gangfelt i krysset ved Herøy kyrkje</p>	<p><i>Pkt 1: Gang- og sykkelveg frå Igesund til Fosnavåg har vore vist i kommunen sitt planforslag for FV20. Grunna arbeidet med ny kryssing av Søre Vaulen og manglande avklaringar her, har dette planarbeidet blitt satt på vent. Ein ser det som naturleg at ei Pkt 2: Statens Vegvesen arbeider med eit eige prosjekt om utbetring av Skarabakken i Fosnavåg, og ein føreset at veglys er ein del av prosjektet. Pkt 3: Etter det ein kan sjå er det i dag etablert overgangsfelt i krysset mellom FV654 og Lisjebøvegen ved Herøy kyrkje.</i></p>
<p>27. Foreldrerådsstyret i Myrsnipa barnehage 25.10.2013</p>	<p>Foreldrerådsstyret ynskjer desse innspela til planen: Viser til at det er behov for ein undergang under Fylkesveg 654 i krysset ved Myrsnipa barnehage/ Myrvåg omsorgssenter og til veggen mot Djupvikvatnet. I tillegg til er det behov for at det blir rydda skog slik at krysset blir meir oversiktleg. Det er vidare naudsynt med lys i vegkrysset for å markere at her er det avkøyrsla, samt forbikøyringsfelt. Foreldrerådsstyret ynskjer redusert fart i dette området.</p>	<p><i>Forbikøyringsfelt langs fylkesveg 654 ved avkøyrsla til Myrvåg alders- og sjukeheim vert teke inn i handlingsprogrammet. Ein ser på dette som eit viktig trafikktryggingstiltak på ei svært trafikkbelasta strekning i kommunen.</i></p> <p><i>Rydding i siktzone kan gjennomførast, då tiltaket kjem inn under driftstiltak som allereie ligg inne i handlingsprogrammet.</i></p>
<p>28. Komite for oppvekst 28.11.2013</p>	<p>Komiten kjem med innspel til områda rundt skulane, og forslag til løysing for nokre av desse:</p> <p>Nerlandsøy skule: Komiten meiner det er kaos i avvikling av trafikken om morgonen når foreldre køyrer borna til skule. Trafikken går tett inntil skulen på oppsida. <u>Forslag til løysing:</u> Fortau frå bedehuset til skulen.</p>	<p><i>Arbeidsgruppa vil ikkje prioritere dette tiltaket i denne planperioden</i></p>

	<p>Borga, Ytre Herøy Ungdomskule og Blåhaugen: Det er kaos om morgonen, eit kvarter før skulane starter. Foreldre, bussar og personale til alle 3 skulane køyrer inn i dette området. I tillegg 2 barnehagar med personale og foreldre som også er ein del av trafikkbilete om morgonen.</p> <p><u>Forslag til løysing:</u> Vurdere om der er nok lys. Skulane må ta dette problemet opp i FAU og i elevråda ved alle 3 skulane. Endra køyremønster der ein nyttar rundkøyningane på begge sider (kulturhuset og skulane). Skilting.</p> <p>Stokksund skule: Området inne på skulen vert brukt til parkering. Inn og utkøyning inne på sjølve skuleområdet. Det vert stilt spørsmål om parkeringsplassen på utsida av skulen vert nytta slik den vart tiltenkt?</p> <p>Moltu skule: Det manglar skilting om skule (rundt svingen på Fosnavåg sida). Det manglar fotgjengarovergang frå fortau på mottatt side til skulen. Busslomma blir brukt til parkering. Det bør vurderast fartsgrense og fartsdumpar</p> <p>Leikanger skule: Parkering til tilsette og foreldre når dei leverar borna?</p>	<p><i>Viser til kommentar til innspel nr 15.</i></p> <p><i>Det går føre seg eit planarbeid i regi av Statens Vegvesen Region Midt, som gjeld omlegging av Stokksundkrysset. Desse planane omfattar også trafikksituasjonen på utsida av skuleområdet i Stokksund, delvis mot kyrkja og mot FV654. Ein føreset at utfordringane blir løyst gjennom denne planen.</i></p> <p><i>Trafikktryggingstiltak er under utføring på fylkesvegen utanfor Moltu skule. Det er i dag oppført skilt i retning skulen frå Fosnavåg.</i></p> <p><i>Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune har allereie registrert eit eige anleggsprosjekt for Leikanger skule. Det er brukt nokre midlar til å etablere ny tilkomst og parkering i samband med ny kunstgrasebane ved skulen. Kommunen ynskjer å sjå heilskaplege på parkering, tilkomstforhold og snutilhøve for buss ved Leikanger skule. Opplysningar frå Anleggs- og driftsavdelinga er at dette prosjektet ikkje formelt er starta opp og at dette har sin bakgrunn i manglande kapasitet på avdelinga.</i></p>
Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med mannskapsbil (brannbil) og 20 deltidss brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. Brannvernet har hjartestartar i beredskapen. Den seinare tida har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulansse). Dette vert det ikkje mindre av framover og brannvernet vil også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarde/lungeredning). Herøy brannvern har fått 2 oljevertilhengarar som er stasjonert ved Myrvåg stasjon. På den eine hengaren er det ein boombag med 150 meter havlenser og på den andre oljevertilhengaren er det 175 meter hamnelenser. Herøy brannvern er mellomdepot og skal via vår oljevertilager i Myrvåg også serve nabokommunene på Søre Sunmøre. Revidert brannordning vart politisk vedteken i Herøy kommunestyre i K-sak 31/14 den 27.03.14. Revidert brannordning legg opp til 5 delt brannvakt både på vaktlaget ved Fosnavåg stasjon og på tankbilsjåførane ved Myrvåg stasjon.

Avvik/manglar:

Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Ny tankbil og brannbil er ebstilt og vert leverte våren 2015. Rekruttering til brannvernet er utfordrande. I 2015 går 2 av 5 befal av med pensjon. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell. Det vert satsa på opplæring av personell som alt er tilsette i brannvernet/kommunen

Løysing av avvik/mangel:

Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga/utvide beredskapen og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

Feiing (5062) (TL)

Generelt:Løysing av avvik/mangel:

Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Talet på abonnentar som ikkje får feiing pga. manglande tilrettelegging går ned kvart år. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2014 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing.

Idrett (Ansvar 5125) (JRG)

Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turløype, Leikong kunstgrasbane, Munkvoll stadion på Moldtustranda og Heidbana på Bergsøya.

Generelt:

Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av desse. Brorparten av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Løpebaner på Havila stadion er i rimeleg god stand etter at nytt banedekke vart lagt for ein del år sidan. Merkinga viser derimot noko slitasje.

Avvik:

Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)

Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein m.a. behov for anleggsgartnartjenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller. M.o.t. beplantning er det og eit visst behov for utskifting og fornying.

Avvik:

Behovet for anleggsgartnartjenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

Hamner (5123) (JRG)

Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:

Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leiderar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. I 2013 vart det kjøpt og installert nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein inngått ein formell driftsavtale med privat firma. Avtalen omfattar også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og

avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2015.

ISPS:

I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal mottok i 2012 ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

Hamneavgifter:

Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ein målset seg å legge fram sak om hamneavgifter og organisering i løpet av hausten 2014.

Avvik:

1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved starumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.

Vegvedlikehald (5122) (JRG)

Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald av kommunale vegar.

Generelt:

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra inkludert planlagt asfaltering inneverande år, vil **resterande veglengde for grusvegane vere omlag 9 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegane. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Dette medverkar til å vanskeleggjere vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Bereevna til ein del av dei kommunale vegane er av ein slik art at det for fleire strekningar vil vere påkrteva med forsterking før reasfaltering kan finne stad. Veggrøfter manglar i stor utstrekning.

Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfing samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.

Avvik:

1. Grøfing/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegane

Avlaup (kloakk) (5131) (FA)

Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på **kommunalt** avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:

Ein har i dag 28 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på RA1 Kleiva, så vart det starta bygging av silanlegg RA 2 Klubben i april 2013. Dette silanlegget vart sett i drift torsdag 24 april 2014. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabilitering/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:

Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 20 pumpestasjonar pr. 30.08.2014. Restarande pumpestasjonane målset ein seg å få installert overvåking på i løpet av 2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for meir personell og opplæring både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett:

Separering av nedre delen av dagens felleisleidning i Pettervågen målset ein å gjere i 2014.

Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)

Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Neste tømerunde vert etter planen gjennomført i slutten av 2014 for heile kommunen.

Avvik:

Ingen pr. i dag.

Veg- og gatelys (5121) (FA)

Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:

Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Samferdselsutvalget i Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde i møte den 25. april 2012 eit prinsippvedtak om å overta veglysanlegg langs fylkesvegane der dei fram til no har gitt eit tilskot til drift og vedlikehold. **Dette vil medføre at kommunene vil site att med dei mest kostnadskrevjande veglysa langs fylkesvegane, utan å få ei krone i tilskudd for å drifte dei.** Der er løyvd 350 tusen til utbetring av veglysanlegg på Nerlandsøya i 2014. Evt. andre søknadar må settast på vent, inntil det ligg føre nye løyvingar. **Tussa utfører all nybygging, drift- og vedlikehald**

av veglys for kommunen. Firmaet har over tid hatt dårleg kapasitet og dette har medført forseinkingar av både utbygging, drift- og vedlikehald. Dette har igjen medført auka klager på sløkte veglys.

Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnadar ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:

- **Sein utføring av nybygging, drift- og vedlikehaldsarbeid frå Tussa**
- Behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys
- Behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:

- **vurdere om anna firma enn Tussa kan utføre kommunen sitt behov for veglystenster**
- høgare prioritering av skogrydding
- det er løyvd kr. 350.000,- til utskifting av dårlege veglyslinjer i 2014.

4. PROSJEKT

ANLEGG

Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta

Prosjektleder/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon

Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato

Total løyving	kr. 4.100.000,-
Forbruk 2009	kr. 45.001,-
Forbruk 2010	kr. 85.926,-
Forbruk 2012	kr. 19.412,-
Forbruk 2013	kr. 2.445.531,-
Forbruk 2014	kr. 964.269,-
Rest løyving	kr. 539.861

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013
Ferdig: Våren 2014. Dei fleste av tomtene er solgt.
Forventa totalkostnad: Omlag 3,5 mill. inkl. riving av skulen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Økonomisk avslutning står att.

Avvik: Ingen.

Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge

Prosjektleder/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagdokumentasjon:

Vedtak om at kommunen skal sørge for utbygging av kommunalt avløpsanlegg på Nedre Berge vart gjort i F-sak 235/12.

Løyving/storleik på løyving: Ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato:

Anleggsstatus: Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013. Anlegget er stort sett ferdig utbygd. Det er mindre arbeid som gjenstår.

Anbud:

Pumpestasjon:	kr.	476.075,-
Rør og deler:	kr.	501.948,-
Maskinentreprenør:	kr.	2.199.204,-
Sum	kr.	3.177.227,-

Forbruk:

2013	kr.	115.875,-
2014	kr.	4.533.845,-
Sum	kr.	4.649.720,-

Avvik:

Det er snart klart for økonomisk avslutning av anlegget. Herøy vasslag BA og Tussa nett AS, vil då få faktura frå Herøy kommune i forhold til deira part i grøfta.

Kommentarar:

Anleggsarbeid oppstarta: Februar 2014
Ferdig: Juni 2014
Forventa totalkostnad: Ca 3.100.000,-
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnr./namn: 51119/ Rassikring Vikane

Etter nedfall av fjellblokk i 2007 vart det av konsulent gjort ei vurdering av skredfare/sikringsbehov med forslag til tiltak. Sikring vart anbefalt løyst ved opparbeiding av fanggrøft. Arbeidet med opparbeiding av fanggrøft langs fjellfoten vart lyst ut på anbud. Utfrå

kostnadene i motteke anbud og nærmare vurdering av tekniske utfordringar som anbefalt løysing innebar, fann ein det nødvendig å foreta ny vurdering av geologar m.t.p. om det kunne vere andre eigna sikringsmetoder. I denne samanheng har fjellsikringsteam gått over det aktuelle fjellområdet og kartlagt tilstanden på fjellet/ sikringsbehovet. Tilhøva viser seg å vere langt verre enn det ein tidlegare hadde grunn til å tru.

Det er løyvd 2 mill. kr til sikringsarbeidet. Kostnadene med ei sikring slik tilhøva no framstår, vil bli svært store og er no estimert til ein kostnad på minst 4 mill. Denne saka har blitt mykje meir omfattande og komplisert enn det ein hadde føresetnader til å sjå føre seg i utgangspunktet. M.a. ved at geologar og anna ekspertise ikkje kan gi noko garantiar på at gjennomføring av planlagt sikringsarbeid vil medføre sikre tilhøve for fleire eigedomar i området. Det er gjennomført møte med grunneigarane og Kommunens sentralforbund(KS) har hatt saka til juridisk vurdering av kva ansvar kommunen evt. har i saka. NVE har blitt informert om status i saka. Ein avventar svar frå grunneigarane på korleis dei vurderer saka.

Sikring av Myrabekken på Moltustranda

NVE utarbeidde i sin tid planer for sikring av Myrabekken på Moltustranda. NVE har vedteke å dekke inntil 80% av kostnadene medan Herøy kommune har forplikta seg til ein eigenandel på 20%. NVE har på førespurnad opplyst at dette prosjektet no ligg i budsjettkø. Ein kan ikkje seie med sikkerheit kva tid det kjem til utførelse.

Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard

Prosjektleder/ansvarleg:

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

Status pr. dato

Som følgje av usemje med Statens vegvesen, i tillegg dårleg tilstand på brukonstruksjonen så har ein beslutta å skrinlegge planane med gjenbruk av gamle VAD bru. Statens vegvesen fjerner konstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset for eiga rekning.

Ein lyt vidare sjå på alternative løysningar med ny bru-konstruksjon. Prosjektert vegtrase lyt behaldast i vidare planlegging og prosjektering.

Saka blir følgt opp av ny prosjektleder.

Økonomi:

Løyving 2012	3 mill
Forbruk 2005-2012	30.000,-
Restløyving	2.970.000,-

Kommentarar

Avvik:

Forventa ferdigstilling:

Forventa totalkostnad:

Uklårt.

Uklårt.

Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)

Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.

Prosjektleder/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:

I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Restarbeider utført sommaren 2014. Klar for økonomisk avslutning.

Økonomi:

Prosjektrammer:	kr. 3.808.445,-
Forbruk 2005-2014:	kr. 3.540.000,-
Mindreforbruk:	kr. 268.445,-

Samla prosjektrammer inkl løyvingar frå kloakkrammeplanen: kr 3.808.445,-

Samla forbruk pr dato: kr 3.540.000,-

Økonomisk avslutning blir framlagt hausten 2014.

Kommentarar

- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gateløys.
- Forventa totalkostnad: kr 3.540.000,-

Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia

Prosjektleder/-ansvarleg: Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.

Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato

Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen og overføring av skøyte frå 3 grunneigarar til Herøy kommune.

Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:

Totalt budsjett: kr 2.800.000,-

Forbruk til no kr -2.539.644,-

Rest budsjett kr 260.356,-

Avvik

Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2014.

Forventa totalkostnad: 2.800.000,-

Behov for ekstraløyving: Ingen

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggast fram for godkjenning.

Prosjektnr./namn: 51003 og 51011/Parkeringsareal bak rådhuset/Næringstiltak

Prosjektleder-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon

Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato

Arealet er planert og oppgrusa. Undersprensing er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg. Det er ikkje formålstenleg å asfaltere arealet då det er innregulert bygg på området.

Løyving /Forbruk:

Løyving 2011(overført til 2012)	kr. 1.000.000,-
Forbruk 2012	kr. 506.171,-
Forbruk 2013	kr. 513.354,-
Meirforbruk	kr. 19.525,-

Alle beløp inkl. mva.

Avvik: Prosjektet har vore gjennomført på rammeavtale med entreprenør. Kostnaden har vorte høgare enn forventa og høgare enn det som kjem inn under reglane for bruk av rammeavtale. Bruk av rammeavtale tilseier at totalkostnad kan vere inntil 500.000 kroner eks. mva. I dette tilfellet vart summen omlag 800.000 kroner eks.mva. Meirforbruk ut over løyving etter at alle arbeid er gjort er kr. 19.525,-.

Kommentarar

Det er beklageleg at kostanden vart høgre enn føresett og at reglane for rammeavtalen vart overskriden med omlag 300.000 kroner. Ein vil innskjerpe rutine med sikte på å unngå dette for ettertida.

Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Bakgrunn

Delprosjekt i kloakkrammeplanen og består av separering av avlaups- og overvassleidningar i Moltubakkane og ny avskjærande leidning for å samle det pr. i dag ureinsa utsleppa i ein slamskillar med ny sjøleidning. Tiltaket er særskild viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

- Separering i Moltubakkane er utført.
- Ny avskjærande leidning ved sentrum på Moltu er planlagt.
- Avtalar med grunneigarane langs planlagd trasé er no inngått.
- Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt.
- I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass.
- Då framdrifta for liknande grunnavtalar i Grønhaugen gjekk raskare vart prosjektet med reinseanlegg RA2 der satt i gong først for og ikkje stoppe arbeida med kloakkrammeplanen.

Framdrift for prosjektet:

Sidan førre rapportering er prosjektering ferdigstilt og søknad om dispensasjon og rammeløyve for prosjektet er til handsaming.

Prosjektregnskap

Sum forbruk	kr 989.186
-------------	------------

Avvik:

Uføresett store utfordringar med grunnavtalar som har ført til omprosjektering av delar av tiltaket.

Kommentarar

Planlagt oppstart: 2014

Forventa totalkostnad: om lag 8 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug

Prosjektleder/-ansvarleg: Lene Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg for avlaup i på Klubben friområde på Bergsøya. Alt avlaupsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen skal samlast og førast til anlegget for reinsing.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Anlegget er satt i drift og det gjenstår mindre arbeid for ferdigstilling.

Totalt forbruk	kr 17 661 714
----------------	---------------

Avvik:Grunnarbeida var noko forsinkande for prosjektet.

Kommentarar:

Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.

Forventa ferdigstilling: 2014

Forventa totalkostnad: Omlag 18 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. dags dato

Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:

Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggjast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

Spelemidler	kr 2.500.000
RDA-midler	kr 1.000.000
Dugnad	kr 50.000
Bergsøy IL	kr 5.226.000
Refusjon mva. til prosjektet	kr 2.194.000
Totalt	kr 10.970.000

Status pr. dagsdato:

Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko opprettingsarbeid.

Prosjektregnskap

Forventa totalkostnad (eks mva)	kr 8.776.000
Sum forbruk	kr 7.567.904
Rest	kr 1.208.096

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2014

Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. HuldalGrunnlagsdokumentasjon:

Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

Forventa totalkostnad (eks. mva)	kr 2.686.300
Forbruk 2011	kr 10.000
Forbruk 2012	kr 746.087
Forbruk 2013	kr 1.488.471
Forbruk 2014	kr 325.445
Totalt forbruk	kr 2.570.003
Rest	kr 116.267

Kommentarar

Framdrift: Arbeida er avslutta og banen er teken i bruk, restutbetalingar og økonomisk avslutning gjenstår.

Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan sluttoppgjer ikkje er ferdigstilt, er det ikkje avklart om det er naudsynt med ekstra løyving.

Andre avklaringar/
tiltak som må iverksetjast: ingen

Prosjektnr/namn: 51350/Vegarm Myklebust-Campus**Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal**Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar bygging av komplett veg frå Myklebust til Campus. Det er gjort vedtak i samferdselsutvalet ved fylket 5.9.2012 om at prosjektet kan realiserast i samråd med Møre og Romsdal fylke og Statens vegvesen og at kostnadane vert å rekne som del av kommunen sitt bidrag til realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg.

Status pr. dato

Det er signert samarbeidsavtale med Statens vegvesen og vegen er prosjektert. Det er no klart for utlysning av prosjektet på anbod, planlagt iløpet av september.

Løyving (RDA)	10.000.000 kr
Forbruk	4.772.027 kr
Rest løyving	5.227.973 kr

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2015
Forventa totalkostnad: 16 mill kr
Behov for ekstraløyving: Ja, vert å handsame politisk..
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Det er vedtatt at administrasjonen skal legge fram politisk sak vedk. finansiering når anbod er henta inn.

Prosjektnr/namn: 51361/Avlaup Almenningskaia

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Det må byggast ut avlaupsnett på Almenningskaia i Fosnavåg som mellom anna nytt hotell skap koplast til.

Status

Arbeida med avlaupsanlegg er ferdig bortsett frå mindre tilstelling som må sjåast i samanheng med generell opparbeiding på Almenningen (Prosjekt nr. 51405).

Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Forbruk	1.622.501kr
---------	-------------

Prosjektet er oppstarta: v. 20/14.
Forventa ferdigstilling: 3. kvartal 2014.
Forventa totalkostnad: 3 mill kr

Prosjektnr/namn: 51304/Kai i Fosnavåg

Prosjektleiari/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet omfattar riving av eksisterande kai foran "Strandteigen", fylling i sjø og bygging av ny kai på omlag 5x39m. Kai skal fungere som trasè for utrykkingskjøretøy og er ein del av promenaden langs sjøkanten i Fosnavåg.

Status pr. dato

Kontrakt er inngått og arbeida starta veke 20/14.

Avvik:

Det er avdekka større djupner enn først anteke som fører til konsekvensar for økonomi og framdrift. Dei uforutsette kostnadane er pr. d.d. inndeckt gjennom uforutsetposten, samt noko skal førsast på avlaupsanlegget på Almenningen.

Løyving	3.884.000 kr
Forbruk	3.103.964 kr
Rest løyving	780. 036 kr

Kommentarar:

Forventa ferdigstilling: Tredje kvartal 2014

Forventa totalkostnad: 3.884.000kr

Behov for ekstraløyving: Ikkje pr. dag dato.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. d.d.

Prosjektnr/namn: 51405/Opparbeiding Almenningen Ytre

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Etter utbygging av hotell/konserteral/simulatorsenter er det naudsynt med tiltak på Almenningsskaia for m.a. å stengje av ein trasé for å sikre tilkomst for utrykkingskjøretøy og lasting/lossing av båtar på kai. Vidare omfattar prosjektet m.a. naudsynt ledelinje for å binde saman området ved hotellet med Almenningstorget.

Status pr. dato

Konsulent er engasjert for å finne ein god utnyttelse av kaiarealet.

Løyving	1.500.000 kr
Forbruk	38.156 kr
Rest løyving	1.461.844 kr

Kommentarar:

Forventa ferdigstilling: 2015

Forventa totalkostnad: 1.500.000kr

Behov for ekstraløyving: Ikkje pr. dag dato.

Andre avklaringar/tiltak

som må iverksettast: Plan for opparbeiding av området vert lagt fram for politisk handsaming/godkjenning hausten 2014.

Utbyggingsavtalar

Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

Nr	Part	Område	Utlyst oppstart	Off. etter-syn	Vedteken avtale	Anlegg overtatt av HK
1	Kvalsund og Teige Byggefelt AS	Kvalsund og Teige byggefelt	x	Juni 2009	22.10.2009	
2	Nordic Resort Holding AS	Torvik resort	x			
3	Havutsikta AS	Havutsikta - Koparstad	x			
4	Herøy byggsenter +	Myrvåg	x			

	Direktehandel AS					
5	Myklebuståsen utbygging AS	Myklebuståsen	x			
6	Tømrer Prosjekt AS	Hjelmeset 4	x			
7	Fosnavåg Vekst AS	Uteområde/ infrastruktur ved nyhotellet	x	juni-aug 2013	30.1.2014	
8	Vågsholmen Utvikling	Vågshomen	x	juni-aug 2014		
9	BT Utbygging AS	Tovågen	x	Februar 2014	24.4.2014	

BYGGEPROSJEKT:

Prosjektnr/namn: 51102/Toftestøvegen 11, Bustadar for unge funksjonshemma (totalentreprise)

Prosjektleder/ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagdokumentasjon

K-sak : 179/10 0.750.000 (2011 budsjettet)
 9.250.000 (2012 økonomiplan)
 9.150.000 (2013 budsjettet)
 K-sak: 115/13 6.150.000 (tilleggsøyving 2013)

I 2011-budsjettet vart det løyvd 750.000 kroner til planlegging. Forbruket i 2011 var 70.000 kroner. I 2012-budsjettet vart det løyvd 9,25 mill. kroner til prosjektet. Av dette vart det brukt 240.000 kroner til planlegging. Resterande del av løyvingane i 2011 og 2012 vart ikkje vidareførte/overførte til nytt budsjettår. Det er i budsjettet for 2013 avsett 9,15 mill. kroner til prosjektet. I tillegg kjem ekstraløyving i 2013 på 6.150.000,-.

Total løyving	Kr 15.610.000,-
Forbruk 2011	Kr 70.000,-
Forbruk 2012	Kr 240.000,-
Forbruk 2013	Kr 690.649,-
Forbruk pr 31.8.2014	Kr 3.298.846,-
Rest løyving	Kr 12.311.154,-

Status pr. 31.8.2014

Betongarbeider er oppstarta og er i rute med tanke på framdrift. Kjellerplan er ferdig støypt vegg, og hulldekke over kjellerplan er montert. Betongentreprenør arbeidar vidare med fundament og ringmurar i 1.etg.

Framdrift

Tett bygg i veke 44, 2014

Kontraktsfesta ferdigstillingsdato 01.04.2015

Kontraktsfesta totalsum: 13.880.000,-

Prosjektnr/namn: 51312/Tribuneoverbygg Havila Stadion Fosnavåg (totalentreprise)

Prosjektleder/ansvarleg: Trond Sellereite/Roger Myklebust

Grunnlagsdokumentasjon

Funksjonsbeskrivelse er produsert av Bergsøy IL Fotball, og kvalitetssikra av Mulvik as etter oppdrag frå Herøy kommune.

Løyving/storleik på løyving: 2.500.000,- Budsjettet for 2014

Total løyving	Kr 2.500.000,-
Forbruk pr. 31.8.2014	Kr 25.000,-
Rest løyving	Kr 2.475.000,-

Status pr. 31.8.2014

Anbuds konkurransen var avslutta 19.5.2014.

Ein tilbydar var kvalifisert for å delta.

Etter forhandling er anbodet på 4.689.871,-

Samla kostnad på prosjektet: 5.408.858,-

Bergsøy IL har sagt seg villege til å ta alle kostnader som overskrider løyvinga dersom Herøy kommune vedtek ei tilleggsløyving på 250.000,-

Sak om tilleggsløyving er under behandling.

Framdrift

Forventa kontraktsinngåing: 30.9.2014

Forventa oppstart: november 2014

Forventa ferdigstilling: februar 2015

Prosjektnr/namn: 51402/Myrvåg omsorgssenter, ombygging av tak (totalentreprise)

Prosjektleder/ansvarleg: Rolf-Henning Skrede Hide.

Grunnlagsdokumentasjon

På oppdrag frå Eigendomsavdelinga skal taket på Myrvåg omsorgssenter ombyggast. Dette på grunn av vasslekkasjer, kondensproblemer og påfølgjande ising i vinterhalvåret.

Løyving/storleik på løyving: Budsjettet for 2014: 3.000.000,-

Total løyving	Kr 3.000.000,-
Forbruk til d.d	Kr 130.434,-

Rest løyving	Kr 2.869.566,-
--------------	----------------

Status pr. dato

Entreprenør er valgt. Avventar politisk behandling i oktober for fullfinansiering av prosjektet.

Framdrift

Forventa totalkostnad: 5.900.000,-

Forventa oppstart: November 2014

Forventa ferdigstilling: Februar 2015.

Prosjektnummer/namn: 51303/Tilbygg Helsesenter.

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagdokumentasjon:

Kommunestyret handsama sak vedr prosjektrammer i K-sak 155/10.

Status pr. dato:

Tilbygget vart overlevert til Herøy kommune den 27.11.2013. Ikkje registrert gjenstående arbeider knytt til kontrakta med totalentreprenøren.

Uforutsette tiltak og kostnadar med ombygging av helsesenteret er påløpt prosjektet. Bygningsmessige og tekniske tiltak er utført på del tilhøyrande helsesøster. Noko ombygging av del i tilknytning til PO vart utført våren 2014. Dette er naudsynte tiltak for tilrettelegging etter omstrukturering av tjenestene.

Økonomisk avslutning pågår.

Tilbod/Prosjektkostnad:

Basert på tilbodet frå Prosjektbygg AS, blir nye kostnadsrammer som følgjer:

Tilbodssum inkl mva:	19.849.130,-
Inventar og utstyr:	00.750.000,-
Prosjektoppfølgjing:	00.400.000,-
Reservepost:	00.600.000,-
Til saman:	21.600.000,-

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

Prosjektløyvingar:	21,6 mill
Forbruk:	23,1 mill

Meirforbruk:	1,5 mill
--------------	----------

Meirforbruk kjem primært som følgje av:

1. Bygningsmessige og tekniske endringar (full utbygging 2 etg)
1. Uforutsett høge kostnadar knytt til IKT, inventar og reinhald.
2. Prisstigning.

Spesifisert oversikt over meirforbruket vil kome fram i sak om økonomisk avslutning,

Kommentarar

-Avvik: Økonomiske avvik er som følgje av: Indeksregulert prisstigning og full utbygging av "disponibelt" areal i 2 etg med fleire kontorarbeidsplassar. I tillegg kjem også møblering av nye kontor utover opphavelag budsjett.

- Forventa totalkostnad:

- Behov for ekstraløyving: Ja

- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilt desember 2013.

Prosjektnr. -namn: 51305 / Ny barnehage - Indre Herøy

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Med bakgrunn i at det i budsjettet var avsett planleggingsmidlar til dette prosjektet vart det vinteren/våren 2013/2014 utarbeidd eit forprosjekt med tilhøyrande kostnadskalkyle. Sak vedkomande godkjenning av forprosjekt vart lagt fram for Kommunestyret i K-sak 98/14 den 28.08.2014 der det vart gjort følgjande vedtak. Sitat:

"Før ein tek stilling til utbygging som skissert i saksutgreiinga ber ein administrasjonen om følgjande:

- 1. Legge fram forslag om andre utbyggingsalternativ som inkluderer barnehagefagleg tilbod på Leikong. 2 representantar frå komite for oppvekst skal delta av planarbeidet.**
- 2. Utgreie kost/nytteanalyse på dei aktuelle alternativa, inklusive konsekvens for utbetaling til private barnehagar.**
- 3. Utgreiingane i pkt. 1 og 2 skal foreleggast for kommunestyret seinast til møtet i februar 2015 og før framlegging for kommunestyret skal saka behandlast i Komite for oppvekst."**

5. LOKALSAMFUNN

Ikkje noko rapportert.

EIGEDOMSAVDELINGA

1. ORGANISASJON

Reinhold

Eigedomsavdelinga opplever det som stadig vanskelegare å rekruttere kompetente reinholdarar. Samstundes meiner vi dagens organisering av reinholdet ikkje er god nok.

Eigedomsavdelinga har difor iverksett ei større omorganisering for å optimalisere reinholdet ved kommunale bygg. Prosjektet tek utgangspunkt i dei prinsipp kommunestyret vedtok i K-sak 237/2000 og inneber at reinholdet skal gjennomførast på dagtid.

Eigedomsavdelinga ynskjer å organisere reinholdet i team med ansvar for eitt eller fleire bygg. Dette meiner vi er naudsynt for å både kunne rekruttere og behalde arbeidskraft, forebygge sjukefråvær og for å sikre eit forsvarleg og godt reinhold.

Arbeidet er delvis finansiert med støttemidlar frå NAV Arbeidslivssenter og har mellom anna ført til at 7 reinholdarar har starta fagbrevutdanning ved Herøy vidaregåande skule hausten 2014.

Saka har vore drøfta i rådmannens leiargruppe og med dei tillitsvalde men har pt. stoppa opp grunna usemje med Utdanningsforbundet og skuleavdelinga om praktisk tilrettelegging og gjennomføring av reinholdet.

Byggdrift

Eigedomsavdelinga har tilsette i 6,4 årsverk til byggdrift og organiserer desse etter prinsippet "alle mann - alle bygg - alle fag".

Vi ynskjer å legge om organiseringa til teamarbeid der to team à to mann har ansvaret for formålsbygg, medan eitt team à to mann har ansvaret for utleigebustadar. Slik organisering er naudsynt for å kunne gjennomføre lovpålagt internkontroll og eigenvurdert behov for forebyggjande tilsyn med bygningsmassen.

Vi har i budsjett 2015 meldt inn behov for ei ny fast 100 % stilling som byggdriftar for å kunne organisere oss på denne måten.

2. VEDTAKSRAPPORTERING

Vedtaksrapporten er oppdatert tilbake til 1.1.2014 og omfattar pt. vedtak frå kommunestyret:

K-sak 117/14 Utleige av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 til Fosnavåg Parkering AS

Vedtak 1. Kommunestyret godkjenner leigeavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Parkering AS for gnr. 34 bnr. 237 snr. 4.

2. Ordføreren får fullmakt til å signere leigeavtalen.

Status Leigeavtalen er ferdigstilt, men ikkje signert av partane.

K-sak 103/14 Lokalisering av omsorgssenter for Herøy

Vedtak 1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune.

2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.

Status Arbeidet vert organisert og leia av helse- og omsorgskomiteen. Eigedomsavdelinga avventar.

K-sak 98/14 Ny barnehage i indre Herøy - forprosjekt

Vedtak Før ein tek stilling til utbygging som skissert i saksutgreiinga ber ein administrasjonen om fylgjande:

1. Legge fram forslag om andre utbyggingsalternativ som inkluderer barnehagefagleg tilbod på Leikong. 2 representantar frå komite for oppvekst skal delta i planarbeidet.

2. Utgreie kost/nytteanalyse på dei aktuelle alternativa, inklusive konsekvens for utbetaling til private barnehagar.

3. Utgreiingane i pkt. 1 og 2 skal foreleggast for kommunestyret seinast til møtet i februar 2015 og før framlegging for kommunestyret skal saka behandlast i Komite for oppvekst.

Status Oppvekstkomiteen har valgt 2 representantar til å delta i arbeidsgruppe saman med eigedomsavdelinga og barnehageavdelinga. Rådmannen har bede eigedomsavdelinga om å leie utgreiingsarbeidet.

K-sak 88/14	Kommunedelplan bustadsosialt arbeid - val av 2 representantar til arbeidsgruppa
Vedtak	Representantar til arbeidsgruppe for planarbeidet med kommunedelplan bustadsosialt arbeid, vert valde: Fred Hansen Ole Brubakk
Status	Kommunedelplan for bustadpolitikk er under utarbeiding med antatt ferdigstilling av plan til offentlig ettersyn i månadsskiftet desember 2014 / januar 2015.
K-sak 83/14	Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon - funksjons- og arealanalyse
Vedtak	<p>1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon slik:</p> <p>a. Prosjektet vert bygd ut på kommunens eigedom ved Herøy omsorgssenter, blå avdeling.</p> <p>b. Prosjektet vert utvida med inntil 16 bueiningar og naudsynt fellesareal.</p> <p>c. Prosjektet vert utvida til også å omfatte base for heimetenesta.</p> <p>2. Kommunestyret vedtek riving av Sjukeheimsvegen 5 b. Riving skal gjennomførast så snart nye omsorgsbustadar er overteke til ordinær drift og lyt finansierast over det aktuelle års budsjett.</p> <p>3. Plan- og byggenemda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.</p>
Status	Prosjektet er overført til anlegg- og driftsavdelinga for vidare oppfølging. Eigedomsavdelinga har fortsatt ansvaret for eventuelt grunnnervv i området og er i dialog med dei aktuelle grunneigarane om dette.
K-sak 79/14	Godkjenning av låneopptak i Husbanken - startlån 2014
Vedtak	Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 5 mill., til vidare utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.
Status	Startlån er utbetalt til Herøy kommune frå Husbanken, som omsøkt og vedtatt.

K-sak 73/14	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2013
Vedtak	<p>Det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2013 på kr. 5.388.861,74 vert brukt slik:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ekstra løyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar kr. 1.000.000,-. 2. Styrke vedlikehaldsbudsjettet med kr. 750.000,- med prioritet Nerlandsøy, Moltu og Leikanger skular. 3. Resterande beløp kr. 3.638.861,74 til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.
Status	<p><u>Ad vedtakspunkt 1 b:</u></p> <p>Nerlandsøy skule - Eigedomsavdelinga har nær ferdigstilt utvendig maling av faseade på hovudbygg, tilbygg og modulbygg.</p> <p>Leikong skule - Eigedomsavdelinga har lyst ut anbodskonkurransen for utbetring av taket på mellombygget mot grendahuset. Vi har også henta inn prisar på utskifting av vindu på administrasjonsbygget samt starta eit mindre renoveringsarbeid innvendig på administrasjonsfløya.</p> <p>Moltu skule - eigedomsavdelinga venter tilbod på utbetring av gavlvegg mot vest samt utbetring tak over mellombygg mot gymsal.</p>
K-sak 60/14	Kjøp av parkeringsplassar
Vedtak	<p>Kommunestyret vedtar at Herøy kommune kjøper seksjon 4, parkeringsdekke U1, av Fosnavåg Parkering AS for kr. 28.830.000,-.</p> <p>Kjøpet blir finansiert ved 20.500.000 i RDA-midlar, og 8.330.000,- ved lånefinansiering.</p> <p>Kommunestyret ber samstundes rådmannen om å gjennomføre taktiske skattemessige disposisjonar med mål om å redusere den totale kostnaden gjennom å oppnå MVA-kompensasjon.</p>
Status	Avtale om kjøp av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 er signert av partane. Eigedomen er overskøytta Herøy kommune.

K-sak 52/14 Sal av Jacobsenhuset

Vedtak Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.

Status Eigedomsavdelinga har innhenta takst for bygget, men har pt. ikkje annonsert bygget for sal.

K-sak 51/14 Herøy omsorgssenter - gul avdeling - søknad om mellombels Godkjenning

Vedtak Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Status Ingen oppfølgingspunkt. Saka vert teke

K-sak 18/14 Forvaltningsrevisjonsprosjektet. Vedlikehald av kommunale bygg

Vedtak 1. Kommunestyret tek til etterretning forvaltningsrevisjonsprosjektet "Konsekvens av manglande vedlikehald av kommunale bygg i Herøy kommune".

2. Kommunestyret vedtak at rådmannen gjennomfører revisjonen sine anbefalingar slik:

- a. Kommunen må fullføre kartlegginga av den kommunale bygningsmassen og få dette implementert i sitt FDV-system.
- b. Kommunen skal utarbeide ein fleirårig vedlikehaldsplan med tidsperspektiv, samordna med økonomiplan inkl. kostnader og prioritering. Denne skal bygge på kommunen sine eigne tilstandsvurderingar, forutsatt at anbefaling 1 er gjennomført/fullført.
- c. Kommunen skal gjennomgå vaktmestertenesta, spesielt med tanke på periodisk tilsyn med den kommunale bygningsmassen.

3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer til kontrollutvalet om status for gjennomføring av anbefalingane og evt. vidare framdrift innan 20.08.2014.

Status Vedtaks punkt 2 a
Eigedomsavdelinga nyttar FDV-systemet FamacWeb og oppdaterer systemet fortløpande, etterkvart som ny informasjon tilflyt avdelinga.

Vedtaks punkt 2 b
Utkast til tiltaksplan for perioda 2015-2018 er utarbeida og fyl som vedlegg til

eigedomsavdelinga sine budsjettkommentarar for 2015.

Vedtaks punkt 2 c

Eigedomsavdelinga organiserer byggdriftarane etter prinsippet "alle mann - alle bygg - alle fag". Vi tilrår at byggdriftarane vert organisert i 3 team à 2 mann, der 2 team har ansvaret for formålsbygg medan 1 team har ansvaret for utleigebustadar.

Organiseringa føreset løyving av budsjettmidlar til ei fast 100 % stilling som byggdriftar og skal drøftast med leiargruppa og dei tilsette.

3. TENESTERAPPORTERING

Tenesterapporteringa er oppdatert pr. 2.10.2014 og omhandlar forhold knytt til eigedomsforvaltninga som kommunestyret som eigar bør vere informert om.

Viktige hendingar

Brann

Herøy kommunes utleigebustad Vatnevegen 6-12 vart råka av brann fredag 26.9.2014. Ein person døydde som fylgje av brannskadene. Saka er under politietterforskning, årsaka er difor ikkje klarlagt på tidspunktet for rapportering.

Forsikringsavtale for perioda 2015 til 2018

Herøy kommune inngår hausten 2014 avtale med KLP om fornya person- og tingsforsikring for perioden 2015 til 2018. Avtalen er inngått etter ein forutgåande anbodskonkurranse, saman med 25 andre kommunar.

Fosnavåg konserthus og kino

Herøy kommune overtok ansvaret for Fosnavåg konserthus og kino fredag 26.9.2014 frå Fosnavåg konserthus AS. Kulturavdelinga har ansvaret for det kulturelle innhaldet i bygget. Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald saman med Fosnavåg Vekst AS, Thon Hotel Fosnavåg og Fosnavåg Offshore Simulator Senter AS.

Avviksrapportering


Systemavvik

Systemavvik meldast i Kvalitetslosen og omfattar avvik frå lov og forskrift, interne instruksar og prosedyrar.

Avviksrapport pr. 2.10.2014 syner ingen innmeldte avvik. Dette syner at avdelinga fortsatt har en veg å gå for å få Kvalitetslosen til å fungere som avvikssystem.

Bygningsmessige avvik

Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato motteke bygningsmessige avvik i Famac som følger:



Offentlege pålegg

Herøy kommune har fått pålegg frå Arbeidstilsynet om å utbetre taket ved Herøy omsorgssenter - raud avdeling. Eigedomsavdelinga har lyst ut anbuds konkurranse for tiltaket og håper at det kan vere gjennomført innan regnskapsåret 2014.

Vedlikehald og utvikling

Tiltaksplan 2014

Eigedomsavdelinga har ikkje utarbeida vedlikehaldsplan for kommunale bygg i 2014. Dette skuldast at vi legg om årshjulet for planlegging og gjennomføring av vedlikehaldstiltak og mindre investeringstiltak slik at utkast til tiltaksplan vert handsama som ein integrert del av budsjettprosessen for komande år.

I 2014 har såleis avsette midlar til vedlikehald vore nytta til å lukke ein del avvik knytta til branntilsyn samt andre tiltak som har vore planlagt gjennomført tidlegare år.

Vi vil for tiltaksplan 2015 rapportere status pr. tiltak, slik:

<Akt.ref.>

<Bygning>

Tiltak:

<Aktivitetsbeskriving>

Status

<Statusinformasjon>

Tiltaksplan 2015 - 2018

Tiltaksplan for 2015 til 2018 er utarbeida og fyl som vedlegg til eigedomsavdelinga sine budsjettkommentarar for budsjettprosessen 2015.

Startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning

Eigedomsavdelinga disponerer slike midlar frå Husbanken til startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning.

LÅNEMIDLAR	LÅNERAMME 2014	RESTMIDLAR 2014
Tilskot til tilpasning	-	-
Tilskot til etablering	kr. 100 000,-	-
Startlån	kr. 11 330 800,-	kr. 4 330 800,-
Sum	kr. 11 430 800,-	kr. 4 330 800,-

Utleigebustadar

Eigedomsavdelinga disponerer bustadar til vidareutleige slik tabellen syner:

UTLEIGEBUSTADAR	BUEININGAR
Omsorgsbustadar	105
Gjennomgangsbustadar	34
Andre bustadar	1
Sum	140

